

Møteinnkalling

Utval:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Møtestad:	Fjernmøte ekstraordinært
Dato:	03.04.2020
Tid:	10:00

Program

10:00-10:15	Utvalseiar ønskjer velkommen. Orientering om fjernmøte.
10:15-10:45	Fylkesdirektør orienterer utvalet om koronakrisa, korleis fylkeskommunen har handtert denne, kva som er blitt gjort frå administrasjonen innafor kultur, idrett og inkludering knytt til krisa. Utvalseiar supplerer.
10:45-11:00	Diskusjon om utvalets arbeid i koronakrisen
11:00-11:15	Pause
11:15-	Sakshandsaming til møtet kan avsluttast

Ein tek sikte på å vere ferdig til kl 14:00, men ein må vere førebudd på at møtet kan vare lenger.

Ber om at tilsendt informasjon vedrørende førebuing til fjernmøte vert lest nøye.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i hovudutval for kultur, idrett og integrering. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Stian Jean Opedal Davies

utvalseiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i hovudutval for kultur, idrett og integrering 13.02.2020	2020/733	
	Referatsaker		
RS 23/20	Informasjon og liste over statlege sikra friluftsområder i Vestland	2020/1401	
RS 24/20	Brosjyra Friluftsliv for alltid - statlig sikring og tilrettelegging av friluftslivsområder	2020/1401	
	Skriftlege spørsmål		
SI 3/20	Spørsmål frå Kollbotn - R - Blir den gamle bensinstasjonen i Lars Hillesgate 27 freda?	2020/44447	
	Politiske saker		
PS 38/20	Tilskot til statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde 2020	2020/1401	
PS 39/20	Tilskot til tiltak i statleg sikra friluftsområde 2020	2020/1392	
PS 40/20	Den kulturelle spaserstokken, retningslinjer for utlysing og tildeling av tilskot	2020/42913	
PS 41/20	Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar	2020/41629	
PS 42/20	Tilskot til utvikling av modellbibliotek 2020	2020/39519	
PS 43/20	Fordeling av tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy 2020	2020/36583	
PS 44/20	Fordeling av tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2020	2020/41990	
PS 45/20	Digitale ressursar i folkebiblioteka	2020/39386	
PS 46/20	Revidert møteplan 2020	2020/896	

Godkjenningssaker

GK 7/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saknr: 2020/733-6
Saksbehandlar: Silje Balgaard Lyngstad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	6/20	17.03.2020
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	8/20	03.04.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i hovudutval for kultur, idrett og integrering 13.02.2020

Møtebok frå møtet i hovudutval for kultur, idrett og integrering 13.02.2020 er lagt ved saka.

Saksprotokoll i 17.03.2020 - Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Vedtak

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Møtestad:	Idrettens hus, Kniksens plass 3, Brann Stadion, Bergen
Dato:	13.02.2020
Tid:	11:00-17:20

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer	Merknader
Stian Jean Opedal Davies	Leiar	A	
Kjell Gitton Håland	Medlem	A	
Alfred Jens Bjørlo	Nestleiar	V	Permisjon frå kl. 15:00-16:25
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP	
Hilde Horpen	Medlem	SP	
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG	
Symphorien Pombe	Medlem	SV	
June Vibecke Knudtsen Indrevik	Medlem	H	
Lise-May Sæle	Medlem	H	
Hege Nygård Dale	Medlem	FNB	
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB	
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP	
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP	Gjekk kl. 17:00

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Kollbotn	Medlem	R
Senea Sabanovic	Medlem	A

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Henrik Oppen	Senea Sabanovic	A
Rita Tønning	Terje Kollbotn	R

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Arnt Ola Fidjestøl	seksjonssjef for arkiv
David J. Aasen Sandved	seksjonssjef for kulturarv
Elisabeth Bjørsvik	seksjonssjef for inkludering, strategi og analyse
Ronny Skaar	seksjonssjef for kulturutvikling
Ruth Ørnholt	seksjonssjef for bibliotekutvikling
Siri Ingvaldsen	seksjonssjef for kulturformidling
Britt Karen Spjeld	seksjonssjef for idrett og friluftsliv
Silje Lyngstad	rådgjevar/møtesekretær politisk sekretariat

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i hovudutval for kultur, idrett og integrering 21.01.2020	2020/733	
	Referatsaker		
RS 8/20	Norsk kulturindeks 2019 - Resultat frå Sogn og Fjordane	2020/35774	
RS 9/20	Museumsstatistikk 2018	2020/35693	
RS 10/20	Søknad til Nasjonalbiblioteket om midlar til formidling i bibliotek	2020/35289	
RS 11/20	Brev til Music Norway frå Brak	2020/36289	
RS 12/20	Kostnader ved omlegging til miljøvenlege kunstgrasbaner	2020/36505	
RS 13/20	Anleggs- og fordelingspolitikk i Vestland	2020/36812	
RS 14/20	Norsk Publikumsutvikling og regionsreformen	2020/35260	
	Politiske saker		
PS 6/20	Tilskotsordning - Tilskot til inkludering og mangfald 2020	2020/2062	
PS 7/20	Tilskot til mentor- og traineeordningar	2020/35711	
PS 8/20	Tilskot for etablereropplæring for innvandrara 2020	2020/35741	
PS 9/20	Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar	2020/36192	
PS 10/20	Investeringstilskot til store og kostnadskrevjande idrettsanlegg. Retningsliner	2020/36298	
PS 11/20	Investeringstilskot til kommunar utan idrettshall/symjeanlegg. Retningsliner	2020/36497	
PS 12/20	Arrangementstilskot til større nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap i 2020	2020/1254	
PS 13/20	Ålmenne kulturvernføremaal - Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne	2019/41	
PS 14/20	Krav til driftsstøtte gjennom budsjettvedtak til kunst, kultur og idrett	2020/1246	
PS 15/20	Oppretting av Moster 2024 AS	2020/861	
PS 16/20	Jobbsjansen del B	2020/35501	
PS 17/20	Lokal mobilisering mot doping - ny avtale med Antidoping Norge og prosjektplan 2020-23	2020/36138	
PS 18/20	Regionreforma. Oppgåveoverføring frå Kulturdepartementet til fylkeskommunen	2020/36448	
PS 19/20	Dagsturhytter i Vestland for perioden 2019-2021	2020/279	
PS 20/20	Nynorskfylket Vestland: Utviding av nettverket. Politisk sak	2020/36130	
PS 21/20	Behov for ein samla gjennomgang av tilskotsordningane på utval for kultur, idrett og integrering sitt område	2020/2062	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Alfred Bjørlo (V) la fram søknad om permisjon frå kl. 15:00-16:00. Hovudutval for kultur, idrett og integrering godkjente dette.

Innkallinga vart godkjent med merknaden over.

Alfred Bjørlo (V) gjorde framlegg om å sette følgjande sak på sakslista for møtet utan saksførelegg:

- PS 21/20 Behov for ein samla gjennomgang av tilskotsordningane på utval for kultur, idrett og integrering sitt område

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes å sette saka på sakslista for møtet utan sakførelegg.

Sakslista vart godkjent med merknaden over.

GK 4/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i hovudutval for kultur, idrett og integrering 21.01.2020

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

June Indrevik (H) hadde følgjande merknad til punktet om avrøysting i PS-sak 4/20:

«Det var Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt alternative forslag fremsatt av utvalsleiar Stian Jean Opedal Davies (A) som vart samrøystes vedteke av utvalet».

Møteprotokollen frå møte 21.01.2020 vart godkjent med merknaden over.

Referatsaker

RS 8/20 Norsk kulturindeks 2019 - Resultat frå Sogn og Fjordane

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 8/20 vart referert.

RS 9/20 Museumsstatistikk 2018

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 9/20 vart referert.

RS 10/20 Søknad til Nasjonalbiblioteket om midlar til formidling i bibliotek

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 10/20 vart referert.

RS 11/20 Brev til Music Norway frå Brak

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 11/20 vart referert.

RS 12/20 Kostnader ved omlegging til miljøvenlege kunstgrasbaner

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 12/20 vart referert.

RS 13/20 Anleggs- og fordelingspolitikk i Vestland

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 13/20 vart referert.

RS 14/20 Norsk Publikumsutvikling og regionsreformen

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Referatsak 14/20 vart referert.

Politiske saker

PS 6/20 Tilskotsordning - Tilskot til inkludering og mangfald 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil løfte den frivillige innsatsen i Vestland fylke gjennom tilskot til frivillige organisasjonar/institusjonar som arbeider på regionalt nivå innan inkludering og mangfald.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for Tilskot til inkludering og mangfald, jf vedlegg 1.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Det var 14 representantar tilstades.

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil løfte den frivillige innsatsen i Vestland fylke gjennom tilskot til frivillige organisasjonar/institusjonar som arbeider på regionalt nivå innan inkludering og mangfald.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for Tilskot til inkludering og mangfald, jf vedlegg 1.

PS 7/20 Tilskot til mentor- og traineeordningar

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for Kultur, idrett og integrering vedtek forslag til retningslinjer for tilskot til mentor- og traineeordningar slik dei ligg føre i saka.
2. Tilskotet er eit viktig verkemiddel for å få synleggjere og utnytte den fagkunnskapen som fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarak har.
3. Hovudutval for Kultur, idrett og integrering meiner at det for etablerte og vellukka prosjekt kan vurderast støtte til toårige prosjekt, men tek atterhald om Fylkestingets løyving for komande budsjettår.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Rita Tønning (R) sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 2

endre til ordet nytte istadenfor utnytte kompetansen»

Det var var 14 representanter tilstades.

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.
Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 2 med Tonning sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for Kultur, idrett og integrering vedtek forslag til retningslinjer for tilskot til mentor- og traineeordningar slik dei ligg føre i saka.
2. Tilskotet er eit viktig verkemiddel for å få synleggjere og nytte den fagkunnskapen som fagutdanna og høgt kvalifiserte innvandrarak har.
3. Hovudutval for Kultur, idrett og integrering meiner at det for etablerte og vellukka prosjekt kan vurderast støtte til toårige prosjekt, men tek atterhald om Fylkestingets løyving for komande budsjettår.

PS 8/20 Tilskot for etablereropplæring for innvandrarak 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for Kultur, idrett og inkludering vedtek dei vedlagte retningslinjene for etablereropplæring for innvandrarak.
2. Tilskotet vert ein viktig del av det regionale integreringsarbeidet som fremmar innvandrarak sine moglegheita til å etablere eigne verksemder.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Det var 14 representantar tilstades.

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for Kultur, idrett og inkludering vedtek dei vedlagte retningslinjene for etablereropplæring for innvandrarak.
2. Tilskotet vert ein viktig del av det regionale integreringsarbeidet som fremmar innvandrarak sine moglegheita til å etablere eigne verksemder.

PS 9/20 Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar.
2. Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar blir lyst ut med søknadsfrist våren 2020. Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjer endeleg vedtak om fordeling av tilskot etter søknadsfrist.
3. Det vert sett av kr 1.700.000 frå posten «Tilskot til barne- og ungdomsføremål» til ordninga.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Utvalseiar Stian Jean Opedal Davies (A) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Til utsetjing

Administrasjonen kommer tilbake med saken til neste møte med svar på de spørsmål utvalget har. Deriblant hva de resterende kr 450.000 skal gå til, en tydeliggjøring av den kvantitative og kvalitative delen av retningslinjene, vedlegg med liste over organisasjoner

som har fått støtte i HFK sin ordning i 2018 og 2019 og konsekvensen av siste kulepunktet under «Det vert ikke gitt støtte til».

Det var 14 representantar tilstades.

Avrøysting til utsetjing:

Davies sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Administrasjonen kommer tilbake med saken til neste møte med svar på de spørsmål utvalget har. Deriblant hva de resterende kr 450.000 skal gå til, en tydeliggjøring av den kvantitative og kvalitative delen av retningslinjene, vedlegg med liste over organisasjoner som har fått støtte i HFK sin ordning i 2018 og 2019 og konsekvensen av siste kulepunktet under «Det vert ikke gitt støtte til».

PS 10/20 Investeringstilskot til store og kostnadskrevjande idrettsanlegg. Retningsliner

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningsliner for ordninga: Investeringstilskot til anlegg der ein kan arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Det var 14 representantar tilstades.

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningsliner for ordninga: Investeringstilskot til anlegg der ein kan arrangere større nasjonale og internasjonale meisterskap.

PS 11/20 Investeringstilskot til kommunar utan idrettshall/symjeanlegg. Retningsliner

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningsliner for tilskotsordninga Investeringstilskot til kommunar utan idrettshall/symjeanlegg.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Det var 14 representantar tilstades.

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningsliner for tilskotsordninga Investeringstilskot til kommunar utan idrettshall/symjeanlegg.

PS 12/20 Arrangementstilskot til større nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap i 2020

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildeler tilskot til arrangement som vist i tabell under:

Søkn.nr.	Søkjær	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Stord Hestesportlag	NM i køyring	0
2	Hordaland svømmekrets	Bergen Swim Festival	50 000
3	Hordaland idrettskrets	World Anti-Doping Agency (WADA) Utdanningskonferanse	Utgår
4	Fana idrettslag	Nasjonalt mesterskap i orientering	0
5	Stiftinga Ekstremer Voss	Verdsmeisterskap i elvekajakk (white water kayak) under Ekstremsportveko 2020	75 000
6	Fana idrettslag	Nasjonalt mesterskap i rytmisk gymnastikk	50 000
7	Bergen Petanqueklubb	NM Petanque 2020	0
8	Sogndal Klatreklubb SIL	NM i ledklatring, speedklatring og paraklatring	40 000
9	IL Bjarg i samarbeid med IL Gneist og IL Fana	NM i friidrett på Fana stadion	135 000
10	NHF Region Vest	Intersport cup 2020	50 000
11	Os Roklubb	Ungdomsmeisterskap i roing	0
12	Tour des Fjords AS	Internasjonalt sykkelritt Tour of Norway	Utgår
13	Ask friidrett	NM i friidrett for junior 2020	0
14	TIF Viking Volleyball	Nasjonalt mesterskap for videregående skole (MVGS)	0
15	Førde Idrettslag	NM motbakkeløp i Førde 2020	0
16	Stord Hestesportlag	Landsstevner i sprangridning og dressurriding.	0
17	Førde IL Langrenn og Langeland Skisenter	Norgescup i langrenn 2020	0
18	Vik IL	NM skiskyting	0
19	Førde IL	Veteran NM i friidrett 2020	0
20	Jølster maraton	Jølster maraton 2020	50 000

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildeler tilskot til arrangement som vist i tabell under:

Søkn.nr.	Søkjjar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Stord Hestesportlag	NM i køyring	0
2	Hordaland svømmekrets	Bergen Swim Festival	50 000
3	Hordaland idrettskrets	World Anti-Doping Agency (WADA) Utdanningskonferanse	Utgår
4	Fana idrettslag	Nasjonalt mesterskap i orientering	0
5	Stiftinga Ekstremer Voss	Verdsmeisterskap i elvekajakk (white water kayak) under Ekstremsportveko 2020	75 000
6	Fana idrettslag	Nasjonalt mesterskap i rytmisk gymnastikk	50 000
7	Bergen Petanqueklubb	NM Petanque 2020	0
8	Sogndal Klatreklubb SIL	NM i ledklatring, speedklatring og paraklatring	40 000
9	IL Bjarg i samarbeid med IL Gneist og IL Fana	NM i friidrett på Fana stadion	135 000
10	NHF Region Vest	Intersport cup 2020	50 000
11	Os Roklubb	Ungdomsmeisterskap i roing	0
12	Tour des Fjords AS	Internasjonalt sykkelritt Tour of Norway	Utgår
13	Ask friidrett	NM i friidrett for junior 2020	0
14	TIF Viking Volleyball	Nasjonalt mesterskap for videregående skole (MVGS)	0
15	Førde Idrettslag	NM motbakkeløp i Førde 2020	0
16	Stord Hestesportlag	Landsstevner i sprangridning og dressurriding.	0
17	Førde IL Langrenn og Langeland Skisenter	Norgescup i langrenn 2020	0
18	Vik IL	NM skiskyting	0
19	Førde IL	Veteran NM i friidrett 2020	0
20	Jølster maraton	Jølster maraton 2020	50 000

PS 13/20 Ålmenne kulturvernføreml - Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver følgjande i driftstilskot, ålmenne kulturvernføreml for 2020:

Bullahuset, Osterøy
Espeland fangeleir, Bergen

kr 200 000
kr 350 000

Fjelberg gamle prestegard, Kvinnherad kr 250 000
Fortidsminneforeningen Hordaland kr 200 000

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil stø opp om det viktige arbeidet frivilligheita tek på seg i høve ivaretakinga av felleskapet sin kulturarv, og ber om sak med framlegg til ei ordninga som kan femne aktørar heile Vestland fylke.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Rita Tønning (R) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3

Hovudutval for kultur, idrett og integrering får ein totaloversikt over driftstilskudd frå fylke, stat, kommunar og andre til alle regionale og nasjonale kulturminne i fylket.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Tønning sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver følgjande i driftstilskot, ålmenne kulturvernforemål for 2020:

Bullahuset, Osterøy	kr 200 000
Espeland fangeleir, Bergen	kr 350 000
Fjelberg gamle prestegard, Kvinnherad	kr 250 000
Fortidsminneforeningen Hordaland	kr 200 000

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vil stø opp om det viktige arbeidet frivilligheita tek på seg i høve ivaretakinga av felleskapet sin kulturarv, og ber om sak med framlegg til ei ordninga som kan femne aktørar heile Vestland fylke.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering får ein totaloversikt over driftstilskudd frå fylke, stat, kommunar og andre til alle regionale og nasjonale kulturminne i fylket.

PS 14/20 Krav til driftsstøtte gjennom budsjettvedtak til kunst, kultur og idrett

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner innretning og retningsliner for driftstilskot gjennom budsjettvedtak slik dei ligg føre.
2. Fylkestinget godkjenner rettleiar i tilskotsforvaltning slik den ligg føre.
3. Naudsynt oppdatering/justering av innretning og retningslinene til driftstilskot og rettleiar i tilskotsforvaltning som ikkje er av prinsipiell karakter kan utførast av administrasjonen.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget godkjenner innretning og retningsliner for driftstilskot gjennom budsjettvedtak slik dei ligg føre.
2. Fylkestinget godkjenner rettleiar i tilskotsforvaltning slik den ligg føre.

3. Naudsynt oppdatering/justering av innretning og retningslinene til driftstilskot og rettleiar i tilskotsforvaltning som ikkje er av prinsipiell karakter kan utførast av administrasjonen.

PS 15/20 Oppretting av Moster 2024 AS

Forslag til innstilling

1. Det vert oppretta eit aksjeselskap som har som føremål å planleggje og gjennomføre jubileet i 2024.
2. Selskapet skal vere eigd 50/50 av Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune, og skal avviklast etter at jubileet er gjennomført og evaluert.
3. Eigarane gjer årlege løyvingar til selskapet. Det vert lagt til grunn ei opptapping fram mot 2024 med årlege avklaringar i kommune og fylkeskommune.
4. Vedtaket forutset likelydande vedtak i Bømlo kommune.
5. Selskapet sitt namn skal vera Moster 2024 AS.
6. Bruk av dei resterande midlane etter eingongstilskotet på kr 3.150.000 frå Hordaland fylkeskommune vil fylkestinget koma attende til.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Moster 2024-jubileet vert nedskalert og forenkla, innanfor ei ramme på 15 MNOK.

Av dette skal 5 MNOK gå til øymerka vedlikehald av middelalderkyrkjer i fylket i tillegg til ordinære løyvingar.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag fekk 4 røyster (Frp, FNB, Pp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 11 røyster (A, Sp, MDG, SV, H, V) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 4 røyster (Pp, FNB, Frp).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Det vert oppretta eit aksjeselskap som har som føremål å planleggje og gjennomføre jubileet i 2024.
2. Selskapet skal vere eigd 50/50 av Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune, og skal avviklast etter at jubileet er gjennomført og evaluert.
3. Eigarane gjer årlege løyvingar til selskapet. Det vert lagt til grunn ei opptapping fram mot 2024 med årlege avklaringar i kommune og fylkeskommune.
4. Vedtaket forutset likelydande vedtak i Bømlo kommune.
5. Selskapet sitt namn skal vera Moster 2024 AS.
6. Bruk av dei resterande midlane etter eingongstilskotet på kr 3.150.000 frå Hordaland fylkeskommune vil fylkestinget koma attende til.

PS 16/20 Jobbsjansen del B

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver 9,7 mill. kr til Avdeling for Opplæring og kompetanse til gjennomføring av ordninga Jobbsjansen del b etter dei vilkår og retningslinjer som ligg føre i denne saka.

2. For Fylkesutvalet er det viktig at tiltaka i Jobbsjansen del b vert gjennomført etter ein plan, og ein ber om at ein slik plan vert referatsak i junimøtet til Hovudutval for Kultur, idrett og integrering og Hovudutval for Opplæring og kompetanse.

3. Fylkesutvalet forventar at planen viser heilskap kring ordninga og kva mål som vert sett, både kvalitativt og kvantitativt for tilbod til målgruppa.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag var samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet løyver 9,7 mill. kr til Avdeling for Opplæring og kompetanse til gjennomføring av ordninga Jobbsjansen del b etter dei vilkår og retningslinjer som ligg føre i denne saka.
2. For Fylkesutvalet er det viktig at tiltaka i Jobbsjansen del b vert gjennomført etter ein plan, og ein ber om at ein slik plan vert referatsak i junimøtet til Hovudutval for Kultur, idrett og integrering og Hovudutval for Opplæring og kompetanse.
3. Fylkesutvalet forventar at planen viser heilskap kring ordninga og kva mål som vert sett, både kvalitativt og kvantitativt for tilbod til målgruppa.

PS 17/20 Lokal mobilisering mot doping - ny avtale med Antidoping Norge og prosjektplan 2020-23

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek framlegget til avtale mellom Stiftelsen Antidoping Norge og Vestland fylkeskommune i samband med gjennomføring av prosjektet «Lokal mobilisering mot doping» i Vestland 2020-2023.
2. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å peike ut deltakar i styringsgruppa for arbeidet.
3. Fylkesutvalet løyver kr 450.000 til Stiftelsen Antidoping Norge til dette arbeidet for 2020. Løyvinga skal førast over budsjettpost 460100 «Tilskot til idrettsarbeid».

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag var samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet vedtek framlegget til avtale mellom Stiftelsen Antidoping Norge og Vestland fylkeskommune i samband med gjennomføring av prosjektet «Lokal mobilisering mot doping» i Vestland 2020-2023.
2. Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen fullmakt til å peike ut deltakar i styringsgruppa for arbeidet.
3. Fylkesutvalet løyver kr 450.000 til Stiftelsen Antidoping Norge til dette arbeidet for 2020. Løyvinga skal førast over budsjettpost 460100 «Tilskot til idrettsarbeid».

PS 18/20 Regionreforma. Oppgåveoverføring frå Kulturdepartementet til fylkeskommunen

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til dei grunnleggande målsettingane i kulturmeldinga og regionreforma om å overføre budsjettmidlar og ansvar frå Kulturdepartementet til fylkeskommunen. Fylkestinget støtter det kulturpolitiske målet som er å styrke kulturen og heve statusen for kultur som politikkområde på alle forvaltningsnivå.
2. Fylkestinget sluttar seg til det statlege framlegget om oppgåve og ansvarsoverføring til Vestland fylkeskommune slik det kjem fram i saka.
3. Fylkestinget strekar under at overføring av ansvar og oppgåver på det kunst- og kulturpolitiske området er avgjerande for at regionreforma skal lukkast.
4. Fylkestinget føreset at overføring av oppgåver og ansvar til fylkeskommunen medfører full økonomisk kompensasjon på 2021-nivå, og at nivået på løyvingane til kunst- og kulturinstitusjonane vert oppretthalde.

5. Fylkestinget legg til grunn at staten framleis skal ha ansvar for overordna oppgåver som krev eit nasjonalt overblikk. Staten skal vidare, gjennom oppfølging og revisjon av kulturlova og nasjonale forventningar til planlegging, legga grunnlaget for ein sterk nasjonal kulturpolitikk.
6. Fylkestinget støttar tilrådinga frå Norsk Kulturråd om utvikling av ein struktur av regionale ressurs- og kompetansesentra for profesjonell kunst innanfor ulike uttrykk og sjangrar. Det er viktig at regionalpolitisk planlegging og regionale behov vert lagt til grunn for denne utviklinga.
7. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til forpliktande, formalisert dialog mellom forvaltningsnivåa på kulturområdet, både politisk og administrativt, for å styrka den nasjonale kulturpolitikken og å samordna arbeidet til beste for institusjonane.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Utvalseleiar Stian Jean Opedal Davies (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Festspillene i Bergen. Davies gjekk frå under behandling av spørsmålet om han var inhabil og nestleiar Alfred Bjørlo (V) leidde møtet.

Kjell Håland (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Bergen Nasjonale Opera (BNO). Håland gjekk frå under behandling av spørsmålet om han var inhabil.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Håland og Davies ikkje var inhabil.

Håland og Davies tiltredde saksbehandlinga og Davies tiltredde igjen som møteleiar.

Alfred Bjørlo (V) sette på vegner A, Sp, V, MDG og SV fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2

Fylkeskommunane som no utgjer Vestland har lang tradisjon som fødselshjelpar og medfinansior innanfor kulturområdet, både til faste kulturinstitusjonar og frie aktørar, og er fullt i stand til å ta på seg utvida oppgåver på dette området til beste for kulturlivet i Vestland.

Rita Tønning (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 4

..og at nivået på løyvingane til Kunst- og kulturinstitusjonane vert styrka.»

Utvalseleiar Stian Davies (A) sette på vegner av A, Sp, V, SV og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 4

Fylkestinget presiserer og strekar under at fylkeskommunane treng gode økonomiske overføringar for å styrke kulturlivet i heile Noreg. Vestland er eit stort kulturfylke som forvaltar lokal, regional og nasjonal kulturarv. For å trygge og vidareutvikle kulturlivet i Vestland er det avgjerande at fylkeskommunen får meir midlar frå statsbudsjettet til kultur, i tillegg til dei overføringane som kjem med oppgaveoverføringa. Staten må også bidra med dei store investeringane som Vestland treng for å trygge og vidareutvikle våre store kulturinstitusjonar. Oppgaveoverføringa kan ikkje vere ei kvilepute for den statlege kulturpolitikken og finansieringa.”

Knut Inge Andersen (FNB) setter fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 2

Institusjonane Bergen Filharmoniske Orkester, Carte Blanche og Den Nasjonale Scene vert 100% statleg ansvar.»

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Andersen sitt forslag fekk 2 røyster (FNB) og fall.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 2 fekk 13 røyster (A, Sp, MDG, SV, V, R, H, Frp, Pp) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (FNB).

Bjørlo sitt forslag fekk 12 røyster (A, Sp, MDG, SV, V, R, H, Pp) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 3 røyster (FNB, Frp).

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 4 var samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Davies sitt forslag fekk 9 røyster (A, Sp, V, SV, MDG, Pp) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (H, Frp, FNB, R).

Tønning sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 5-7 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til dei grunnleggjande målsettingane i kulturmeldinga og regionreforma om å overføre budsjettmidlar og ansvar frå Kulturdepartementet til fylkeskommunen. Fylkestinget støttar det kulturpolitiske målet som er å styrke kulturen og heve statusen for kultur som politikkområde på alle forvaltningsnivå.
2. Fylkestinget sluttar seg til det statlege framlegget om oppgåve og ansvarsoverføring til Vestland fylkeskommune slik det kjem fram i saka. Fylkeskommunane som no utgjer Vestland har lang tradisjon som fødselshjelpar og medfinansier innanfor kulturområdet, både til faste kulturinstitusjonar og frie aktørar, og er fullt i stand til å ta på seg utvida oppgåver på dette området til beste for kulturlivet i Vestland.
3. Fylkestinget strekar under at overføring av ansvar og oppgåver på det kunst- og kulturpolitiske området er avgjerande for at regionreforma skal lukkast.
4. Fylkestinget føreset at overføring av oppgåver og ansvar til fylkeskommunen medfører full økonomisk kompensasjon på 2021-nivå, og at nivået på løyvingane til kunst- og kulturinstitusjonane vert oppretthalde.

Fylkestinget presiserer og strekar under at fylkeskommunane treng gode økonomiske overføringar for å styrke kulturlivet i heile Noreg. Vestland er eit stort kulturfylke som forvaltar lokal, regional og nasjonal kulturarv. For å trygge og vidareutvikle kulturlivet i Vestland er det avgjerande at fylkeskommunen får meir midlar frå statsbudsjettet til kultur, i tillegg til dei overføringane som kjem med oppgåveoverføringa. Staten må også bidra med dei store investeringane som Vestland treng for å trygge og vidareutvikle våre store kulturinstitusjonar. Oppgåveoverføringa kan ikkje vere ei kvilepute for den statlege kulturpolitikken og finansieringa.

5. Fylkestinget legg til grunn at staten framleis skal ha ansvar for overordna oppgåver som krev eit nasjonalt overblikk. Staten skal vidare, gjennom oppfølging og revisjon av kulturlova og nasjonale forventningar til planlegging, leggja grunnlaget for ein sterk nasjonal kulturpolitikk.
6. Fylkestinget støttar tilrådinga frå Norsk Kulturråd om utvikling av ein struktur av regionale ressurs- og kompetansesentra for profesjonell kunst innanfor ulike uttrykk og sjangrar. Det er viktig at regionalpolitisk planlegging og regionale behov vert lagt til grunn for denne utviklinga.
7. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til forpliktande, formalisert dialog mellom forvaltningsnivåa på kulturområdet, både politisk og administrativt, for å styrka den nasjonale kulturpolitikken og å samordna arbeidet til beste for institusjonane.

PS 19/20 Dagsturhytter i Vestland for perioden 2019-2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver kr 200.000 til dagsturhytter i kommunane Samnanger, Stord, Kvam og Fjell, jf retningsliner vedtekne i Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 30.08.2019.

2. Hovudutvalet for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinene for dagsturhytter i Vestland fylke for perioden 2019-2021 slik det er skissert i saka dagsett 30.08.2019.
3. Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering får delegert mynde til å løyve resterande sum frå løyvinga for 2020, kr 1.200.000,- . Det skal løyvast til seks hytter der kvar løyving er kr 200.000,- Vedtaka vert å melde til Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Øyvind Strømmen (MDG) stilte spørsmål om han var inhabil. Strømmen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Strømmen ikkje var inhabil. Strømmen tiltredde saksbehandlinga.

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver kr 200.000 til dagsturhytter i kommunane Samnanger, Stord, Kvam og Fjell, jf retningsliner vedtekne i Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 30.08.2019.
2. Hovudutvalet for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinene for dagsturhytter i Vestland fylke for perioden 2019-2021 slik det er skissert i saka dagsett 30.08.2019.
3. Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering får delegert mynde til å løyve resterande sum frå løyvinga for 2020, kr 1.200.000,- . Det skal løyvast til seks hytter der kvar løyving er kr 200.000,- Vedtaka vert å melde til Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

PS 20/20 Nynorskfylket Vestland: Utviding av nettverket. Politisk sak

Forslag til innstilling:

1. Nettverket *Nynorskfylket* vert utvida til Vestland fylke under namnet *Nynorskfylket Vestland*.
2. Fylkestinget vel leiar for Nynorskfylket Vestland og vara til denne for fire år. Fylkesrådmannen har sekretariatsansvar for Nynorskfylket.
3. Fylkesutvalet får fullmakt til å vedta mandat for Nynorskfylket Vestland. Fylkesrådmannen førebur slik sak på grunnlag av innspel frå deltakarane i nettverket.
4. Nynorskfylket Vestland er samansett av aktørar i Vestland som jobbar for bruk og fremjing av nynorsk. Aktørane må fylle ei regional rolle eller ha regional funksjon frå offentleg sektor, næringslivet og sivilsamfunnsorganisasjonar. Nynorskfylket Vestland har møte minst éin gong årleg, gjerne i samband med ei samling med fagleg innhald.
5. Fylkestinget sluttar seg til at det opprettast eit arbeidsutval i Nynorskfylket Vestland, samansett av leiar i forumet og minst to representantar frå dei andre deltakarane i nettverket.
6. Fylkeskommunen tar initiativet til å invitere inn aktørar inn i nettverket. Det første møtet i Nynorskfylket Vestland blir våren 2020 i samband med ei fagsamling med tema språkpolitikk.
7. Nynorskfylket Vestland held fram med å møte i det nasjonale samarbeidsorganet Nynorsk forum. Leiar i Nynorskfylket eller den han peikar ut møter i Nynorsk forum.
8. Oppnemning av leiar i Nynorskfylket gjennom den fylkeskommunale valperioden, med personleg vara, vert fremja i eiga sak til valnemda og fylkestinget.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Symphorien Pombe (SV) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt. 9:

Nynorskfylket Vestland kan gje råd til folkevalde organ i saker som er viktig for nynorsk»

Avrøysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Pombe sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Nettverket *Nynorskfylket* vert utvida til Vestland fylke under namnet *Nynorskfylket Vestland*.
2. Fylkestinget vel leiar for Nynorskfylket Vestland og vara til denne for fire år. Fylkesrådmannen har sekretariatsansvar for Nynorskfylket.
3. Fylkesutvalet får fullmakt til å vedta mandat for Nynorskfylket Vestland. Fylkesrådmannen førebur slik sak på grunnlag av innspel frå deltakarane i nettverket.
4. Nynorskfylket Vestland er samansett av aktørar i Vestland som jobbar for bruk og fremjing av nynorsk. Aktørane må fylle ei regional rolle eller ha regional funksjon frå offentleg sektor, næringslivet og sivilsamfunnsorganisasjonar. Nynorskfylket Vestland har møte minst éin gong årleg, gjerne i samband med ei samling med fagleg innhald.
5. Fylkestinget sluttar seg til at det opprettast eit arbeidsutval i Nynorskfylket Vestland, samansett av leiar i forumet og minst to representantar frå dei andre deltakarane i nettverket.
6. Fylkeskommunen tar initiativet til å invitere inn aktørar inn i nettverket. Det første møtet i Nynorskfylket Vestland blir våren 2020 i samband med ei fagsamling med tema språkpolitikk.
7. Nynorskfylket Vestland held fram med å møte i det nasjonale samarbeidsorganet Nynorsk forum. Leiar i Nynorskfylket eller den han peikar ut møter i Nynorsk forum.
8. Oppnemning av leiar i Nynorskfylket gjennom den fylkeskommunale valperioden, med personleg vara, vert fremja i eiga sak til valnemda og fylkestinget.
9. Nynorskfylket Vestland kan gje råd til folkevalde organ i saker som er viktig for nynorsk.

PS 21/20 Behov for ein samla gjennomgang av tilskotsordningane på utval for kultur, idrett og integrering sitt område

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Alfred Bjørlo (V) sette fram slikt forslag:

«Hovudutvalet ber administrasjonen om ei sak med ein samla gjennomgang av tilskotsordningane på utvalet sitt område, med sikte på mogleg forenkling, samordning og tydelegare samanheng mellom tilskotsordningane og overordna politiske mål og strategiar for Vestland fylkeskommune.»

Avrøysting

Bjørlo sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutvalet ber administrasjonen om ei sak med ein samla gjennomgang av tilskotsordningane på utvalet sitt område, med sikte på mogleg forenkling, samordning og tydelegare samanheng mellom tilskotsordningane og overordna politiske mål og strategiar for Vestland fylkeskommune.

Referatsaker

RS 23/20 Informasjon og liste over statlege sikra friluftsområder i Vestland

Saknr: 2020/1401-2
Saksbehandlar Eirik Knive
Dato: 25.02.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

Oversikt over statleg sikra friluftsområde i Vestland fylke

I Vestland er det 255 statleg sikra friluftsområde. Dei fleste av desse områda ligg utanfor tettbygde områder eller byar.

Naturbase.no gir kartfesta informasjon om utvalde område for natur og friluftsliv. Basen er ute av drift og ny løysning vil kome i løpet av første kvartal 2020, i følgje Miljødirektoratet. Informasjon i vedlagte liste over dei statlege sikra friluftsområda i Vestland, baserer seg såleis på innspel frå Miljødirektoratet, kommunane og friluftsråda. På enkelte friluftsområde er det mangelfull informasjon.

Det viktig med fokus på sikring av friluftsområde i Vestland dei komande åra, for å tilgjengeleg gjere areal til friluftsliv der folk bur og oppheld seg. Det viktigaste føremålet med statlege midlar til sikring av friluftslivområde, er at friluftslivet skal styrkast som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg fritidsaktivitet.

Friluftsområde som er prioritert i ein kommunal plan aukar sjansane for at ulike interesser er ivaretekne og at sikring av friluftslivsområde skjer som ledd i ein plan for utvikling av friluftslivtilbodet i kommunen og/el. regionen/nasjonalt. For friluftsområde av nasjonal eller regional verdi kan staten medverke med inntil 100% av kostnadane. For område av hovudsakeleg lokal verdi kan staten medverke med inntil 50% av kostnadane. Sikring av område for friluftsliv skal ikkje vere ein erstatning for ivaretaking av friluftslivsområde gjennom kommunale arealplanar, men vere eit supplement til slike planar.

Nr	Områdenavn		Sikringsår	Regionalt (R)/lokalt(L)
1	Byngja	Alver	1982	L
2	Elvavika - Galtaneset	Alver	1978	R
3	Fisketangen	Alver	1973	R
4	Fløksand / Leirvika	Alver	1989	R
5	Furvågane	Alver	2005	L
6	Fyllingsnes	Alver	1966	L
7	Hagelsund	Alver	1999	L
8	Hopsdal	Alver	1987	L
9	Håøya	Alver	1999	R
10	Io	Alver	1964/1966/1967/1981	R
11	Klesvika - Manger	Alver	1989	L
12	Kvalvågnes	Alver	2001	R
13	Kvernhusviki	Alver	1977	L
14	Lillebergen/Smieneset	Alver	1999	L
15	Nautevågane på Fanebust	Alver	2001	R
16	Rylandsneset	Alver	1977	L
17	Skageneset	Alver	2002	R
18	Solheimsvika	Alver	2008	L
19	Toska	Alver	1982	L
20	Trettholmen	Alver	2002	L
21	Uttoska	Alver	1999	R
22	Vallevik	Alver	1968	R
23	Varnappen	Alver	2011	R
24	Damskjærneset - Follese	Askøy	1966	L
25	Færøy og Lamholmen	Askøy	1962/1999	L
26	Hanevik	Askøy	1968	L
27	Herdla fort	Askøy	2011	R
28	Herdlevågen kai	Askøy	2008	R
29	Haabsøy, Florvågøy	Askøy	1999	L
30	Kollevåg	Askøy	1980/1981	R
31	Lyngvik	Askøy	1972	L
32	Nordre Rotøyane	Askøy	1962	L
33	Olsnes	Askøy	1968	L
34	Sjursvika	Askøy	1982/1985	L
35	Skorpo m/fl. holmar Hjeltefjorden	Askøy	1961/1962/1976	R
36	Skutlevika	Askøy	1982	L
37	Solnes	Askøy	1969/1984	R
38	Stien	Askøy	1968	L
39	Store Børøy	Askøy	1970	L
40	Tjuvavågen	Askøy	1977	L
41	Ystøy	Askøy	1966	L
42	Kalsundholmen	Austevoll	1971/1972/1974/	L
43	Krossøy	Austevoll	1972	L
44	Marstein fyr	Austevoll	2008	R
45	Nordre Navøyvågen	Austevoll	2008	R
46	Sandtorv	Austevoll	1978	L
47	Sandvågen-Blænesøya, Huftarøy	Austevoll	1998	L
48	Skår	Austevoll	1974	L
49	Sveholmen	Austevoll	2008	R
50	Børilden aust	Austrheim	1999	L
51	Sauøy	Austrheim	1988	L
52	Øksnes	Austrheim	2019	R
53	Alvøen	Bergen	2006	R
54	Austrevågen	Bergen	1970	L
55	Bakarhamn	Bergen	1983/1990	L
56	Ballastbryggen	Bergen	2010	R
57	Bjørndalsbrotet	Bergen	2009	L
58	Bjørndalspollen	Bergen	1964	L
59	Breistein	Bergen	2011/2012	L
60	Dorgeskjæret	Bergen	1980	L
61	Fanaholmen	Bergen	1966	L
62	Furevika	Bergen	2008	L
63	Garnes	Bergen	1968/1969/1977	R
64	Godvik	Bergen	2010	L
65	Grønskjæret	Bergen	1972	R
66	Gullbotn	Bergen	2010	R
67	Helleneset	Bergen	1999	R
68	Hordnes	Bergen	2010	L
69	Hordvikhamn	Bergen	1968	L
70	Håkonshella	Bergen	1964	L

71	Kjøkkelvik	Bergen	1963	L
72	Knatten	Bergen	1997	L
73	Landåsfjellet	Bergen	2014	L
74	Langenes	Bergen	1989	L
75	Lyreneset	Bergen	1968	L
76	Løvtien	Bergen	2009/2010/2011/2012	L
77	Morvik	Bergen	1961/1968/1970	L
78	Myrdal	Bergen	2010	L
79	Natlandslia	Bergen	1979	L
80	Notabuneset	Bergen	1981	L
81	Ole Landmarksveg 2	Bergen	1989	L
82	Ormøya	Bergen	1976	L
83	Rotaskjenet	Bergen	1990	L
84	Sandholna	Bergen	1978/1979	R
85	Sandviksbatteriet	Bergen	1999	R
86	Seimsmyrane	Bergen	2012	
87	Skjoldbukta	Bergen	1986/1987	R
88	Steingardsvikane	Bergen	1966	L
89	Store Milde	Bergen	1996/1997	R
90	Sætreparken	Bergen	2014	L
91	Søndre Hetlevik	Bergen	1970	L
92	Søvikneset	Bergen	1976	L
93	Tangavika	Bergen	2014	L
94	Tertnesflaten	Bergen	2012	L
95	Toppe turvei	Bergen	2010	L
96	Toppesanden	Bergen	2013	L
97	Totland - Riple	Bergen	1973/1975	L
98	Tømmervågen	Bergen	1970	R
99	Vollane	Bergen	1975	R
100	Våganaset	Bergen	1975	R
101	Øvre Hellen	Bergen	1999/2011	R
102	Banktjørnflaten	Bjørnafjorden	1963	L
103	Eidsvika (Drange)	Bjørnafjorden	1962	L
104	Ervikane	Bjørnafjorden	2012	R
105	Framnes	Bjørnafjorden	2014	L
106	Fusaneset	Bjørnafjorden	2011	L
107	Halhjemsmarka	Bjørnafjorden	1988	L
108	Halhjemsøy	Bjørnafjorden	1962	L
109	Kalneset - Innerøy	Bjørnafjorden	1962/1983	L
110	Kuskjæret - Forstrøno (m. Furuskjær)	Bjørnafjorden	1966	L
111	Kuvågen - Ytre Moberg	Bjørnafjorden	1981	
112	Langøysund - Sørstrøno	Bjørnafjorden	1989/1990	L
113	Ramsholmen	Bjørnafjorden	2013	R
114	Raudlio Stokkedalen	Bjørnafjorden	2014	R
115	Rødlien	Bjørnafjorden	1995	R
116	Skeisstøa (Grindevollstøa)	Bjørnafjorden	1969/1992	L
117	Skjelavikjo	Bjørnafjorden	2005	L
118	Skorpo	Bjørnafjorden	2009	R
119	Smievågen - Moldanaset	Bjørnafjorden	2001	L
120	Sperrevik	Bjørnafjorden	1970	L
121	Stokkavik	Bjørnafjorden	1966	L
122	Stokkavik utvidelse	Bjørnafjorden	1966/1919	L
123	Sundøyhagen	Bjørnafjorden	1995	L
124	Søvikvågen	Bjørnafjorden	2007	L
125	Ullsund - Nordreneset ved Lepsøy	Bjørnafjorden	1983	L
126	Berge	Bømlo	2002	L
127	Brevik	Bømlo	1994	L
128	Furuneset	Bømlo	1988	L
129	Goddo	Bømlo	1978	L
130	Nordre Hiskjo	Bømlo	1978	R
131	Odne	Bømlo	2008	L
132	Plassaholmen	Bømlo	2014	R
133	Siggjo parkeringsareal	Bømlo	2018	R
134	Ulvesøya	Bømlo	2003	R
135	Vevik	Bømlo	1991	
136	Åreidalen	Bømlo	2003	
137	Pepparholmen	Etne	1998	L
138	Taraldsøy	Etne	1972	R
139	Breivika	Fitjar	1971	L
140	Dalshaugane	Fitjar	2019	L
141	Langøya	Fitjar	2015	R

142	Pilapollen	Fitjar	1983/2015	R
143	Smedholmen og Svelto	Fitjar	1975	R
144	Straumøy 47/1	Fitjar	2005	L
145	Teløy vest	Fitjar	2014/2017	R
146	Tranøy - Natterøysund	Fitjar	2001	R
147	brændøya friluftsområde	Kinn	1982	R
148	Havreneset sør	Kinn	1984	R
149	Moldøen (Broparken) ved Måløy	Kinn	1982	L
150	Prestholmen	Kinn	1988	L
151	Refviksanden	Kinn	1963	R
152	Fredvik - Ståvik	Kvam	1970	L
153	Holmsund/Nyatræet	Kvam	1993	L
154	Kvamsøya	Kvam	1967/1985	R
155	Lunhaug - Skipadalen	Kvam	1969	L
156	Sandvenholmen	Kvam	1993	L
157	Storeholmen	Kvam	1977	L
158	Svanholm	Kvam	1979	L
159	Øiren, Hotelltomta Øystese, Øystesepark	Kvam	1992	R
160	Fergevågen	Kvinnherad	1991	
161	Hille	Kvinnherad	2013	R
162	Kolsøy	Kvinnherad	1969	R
163	Løkelsøy	Kvinnherad	1978/1980	R
164	Malmangervikjo	Kvinnherad	1995	L
165	Neslia - Røyholm	Kvinnherad	1976	R
166	Nordre Kalven	Kvinnherad	1980/1988	R
167	Slettaneset-Høylandsbygd	Kvinnherad	1969	L
168	Valøya i Kvinnherad	Kvinnherad	2019	R
169	Vetla Lauvøy	Kvinnherad	1973	R
170	Vikjo-Dimmelsvik	Kvinnherad	1967	L
171	Otterstad	Modalen		L
172	Gangstø	Osterøy	2004	L
173	Sanatoriet - Haus	Osterøy	1995	L
174	Selvika, Myking	Osterøy	1993	R
175	Bjørkheim badevik	Samnanger	2019	R
176	Rolvsvåg	Samnanger	1985	R
177	Alnavågen	Stord	1970	L
178	Husøy	Stord	1975/1977	R
179	Hybelneset	Stord	1995	L
180	Hystad	Stord	1987/1994	L
181	Leirvik fyrstasjon	Stord	2015	R
182	Nautøy	Stord	2008	R
183	Sætrevik	Stord	1973	L
184	Ådlandsvannet parkering	Stord	2010	L
185	Ådlandsvatnet	Stord	1994	L
186	Holsvika	Sveio	1977	L
187	Leirvågen	Sveio	1975	L
188	Ryvarden fyr	Sveio	2007	R
189	Selsåsvika	Sveio	1988/1989	L
190	Slettene-Hedløya (Økland Ytre)	Sveio	1975	R
191	Hovden	Ullensvang	1970	R
192	Nordnes	Ullensvang	1972	R
193	Nå sentrum	Ullensvang	2003	L
194	Seljestad	Ullensvang	1979/1980/1990	L
195	Litlevika / Stanghelle padleområde	Vaksdal	2016	R
196	Grandane - Røyenstrand	Voss	1985	L
197	Rødno	Voss	1993	R
198	Øyane bygdatun	Voss	1993	R
199	Alvøy og austre Synsholmen	Øygarden	1963/1968/1970	L
200	Barholmen i Skogsvåg	Øygarden	1966	L
201	Barmane	Øygarden	1990/1991	R
202	Bjelkarøy - Buarøy	Øygarden	1973/2005	L
203	Buarøy fort	Øygarden	2015	R
204	Duøyna	Øygarden	1984/2013	L
205	Flatholmen	Øygarden	1972	L
206	Geitvika	Øygarden	2003/2015	R
207	Hissøyna / Hitsøy	Øygarden	1984/2013	R
208	Kalsøyna	Øygarden		R
209	Kjeholmen	Øygarden	1995	L
210	Kobbavågen	Øygarden	1987	L
211	Kobbavågen på Store Risøyna	Øygarden	2016	L
212	Kårtveitpollen	Øygarden	1969/1993	R

213	Lakseskjær	Øygarden	1968	L
214	Langøy	Øygarden	1983/1989	L
215	Lerøy fort	Øygarden	1999	R
216	Myntevik	Øygarden	1979	L
217	Narøvvågen	Øygarden		R
218	Olsvik	Øygarden	1969	L
219	Ormhilleren	Øygarden	1978/1979/1980/1991/2005	R
220	Ovågen	Øygarden	2019	L
221	Rophammaren - Toftøy	Øygarden	1971	L
222	Sundskogen	Øygarden	2010	R
223	Sætravika / Setravika	Øygarden	2018	R
224	Søre Skogsøy	Øygarden	1984	R
225	Tyssøy	Øygarden	1968/1970/1972/1973/1976/1989	R
226	Ystholmanene, S.Klovholmen, Små Geitarø	Øygarden	1989	L
227	Myklebustneset	Hyllestad	1979	
228	Kyrkjebøstranda	Høyanger	1981	
229	Flatbygdi	Vik	1995	
Ved tildelinga skal kvantitative og kvalitative kriterium vektleggast høvesvis 80 og 20 prosent.

Kvantitative:

- tal på innbyggjarar over 67 år i kommunen (veking 60 prosent)
- del av befolkninga som er over 67 år (veking 10 prosent)
- areal (veking 10 prosent)

Kvalitative:

- tiltak/programinnhald
- nyskaping
- samarbeid
- gjennomføringsevne
- tilbod til mange

Økonomi: Denne saka legg føringar for bruken av tilskotsmidlar som ligg i budsjett 2020. Ordninga vert lyst ut, og hovudutvalet vedtek fordeling av midlane på bakgrunn av innkomne søknader.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Eit godt kulturtilbod er sentralt i folkehelsearbeidet.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eitt av verkemidla for å følgje opp mål om varierte og kvalitativt gode kulturtilbod til alle i *Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* og *Premiss: kultur, regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.

Konklusjon

Midlar frå Den kulturelle spaserstokken vert utlyste med søknadsfrist 1. juni. Kommunane rapporterer samstundes på fjorårets tilskot. Midlane vert fordelte med grunnlag i vedtekne kriterium. Hovudutval for kultur, idrett og integrering får tildelingssaka til handsaming i septembermøtet.

Saknr: 2020/41629-1
Saksbehandlar: Åge Avedal

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	27/20	17.03.2020
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	41/20	03.04.2020

Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer for tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar.
2. Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar blir lyst ut med søknadsfrist våren 2020. Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjer endeleg vedtak om fordeling av tilskot etter søknadsfrist.
3. Det vert sett av 1 700 000 kroner frå posten *Ymse barne- og ungdomsføremål* til ordninga.

Saksprotokoll i 17.03.2020 - Hovudutval for kultur, idrett og integrering Vedtak

Samandrag

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har tidlegare støtta dei frivillige regionale barne- og ungdomsorganisasjonane gjennom midlar frå fylkeskommunen. I budsjettvedtaket i fylkestinget vart det sett av 2,152 millionar kroner til *ymse barne- og ungdomsføremål*, der midlane skal gå til barne- og ungdomsfeltet generelt og organisasjonslivet spesielt. Fylkesdirektør vil lyse ut ei tilskotsordning til dei regionale barne- og ungdomsorganisasjonane, og kjem i denne saka med forslag til retningslinjer for denne.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Retningslinjer - tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Regionalt ansvar

Vestland fylkeskommune vil fremje eit sterkt, mangfaldig frivillig og profesjonelt kulturliv. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR*, er styrande for kulturpolitikken i Vestland. Eit viktig verkemiddel for å nå måla i dei regionale planane er tilskotsmidlar til kulturfeltet i fylket.

Vestland fylkeskommune skal gjennom tilskotsordningar stø opp om aktivitetar og tiltak med regional verdi. I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod der folk bu. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

Budsjettmidlar

Fylkesdirektøren vil gjennom ordninga *tilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* sikre midlar til drift til regionale frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar som fremjar deltaking og engasjement i organisasjons- og samfunnslivet. Tilskotsordninga vil vere aktuell for barne- og ungdomsorganisasjonar som ikkje har høve til å søkje driftsmidlar gjennom andre fylkeskommunale eller statlege tilskotsordningar, t.d. innan idrett, friluftsliv, partipolitisk arbeid, trussamfunn og driftstilskot til kulturorganisasjonar.

Fylkestinget har sett av midlar i budsjettet for 2020 til barne- og ungdomsorganisasjonar og andre barne- og ungdomsføremål gjennom posten *Ymse barne- og ungdomsføremål* med 2 152 000 kroner. Fylkesdirektør vil fremje forslag om at det vert sett av 1,7 millionar kroner frå denne posten til tilskotsordninga til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar.

Dei resterande midlane frå posten *Ymse barne- og ungdomsføremål* kan i 2020 bli nytta som tilskot til organisasjonar fylkesdirektøren ønskjer å flytte til andre tilskotsordningar der dei meir naturleg høyrer heime, slik som *tilskot til inkludering og mangfald* og *tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv*. Fylkesdirektøren meiner dette vil gjere tilskotsordninga til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar meir reindyrka, men ønskjer samtidig å leggje til rette for at organisasjonane ikkje skal tape økonomisk på å bli flytta til andre tilskotsordningar. Nokre av midlane vil også bli nytta til arbeid med opplæring, nettverksbygging og møteplassar for frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar i 2020. Fylkesdirektør vil kome tilbake til fordelinga av dei resterande midlane frå posten i eiga sak til hovudutvalet.

Tilskotsmidlar til organisasjonar som ikkje fell inn under denne ordninga

Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar skal rette seg mot organisasjonar som ikkje har driftsstøtte gjennom andre ordningar. Det finst andre tilskotsordningar til regionale organisasjonar på barne- og ungdomsfeltet. Organisasjonar som fell inn under andre ordningar, kan ikkje bli støtta gjennom midlar frå denne ordninga. Når det gjeld idrettsfeltet, ligg Vestland idrettskrets på eiga linje i driftsbudsjettet til Vestland fylkeskommune. Vidare har Kulturdepartementet sidan 2000 hatt ei tilskotsordning som rettar seg spesifikt mot lokale lag og foreiningar som har idrett og fysisk aktivitet for barn og ungdom som hovudaktivitet. Denne ordninga heiter [Tilskudd til lokale lag og foreningar](#) og er også kjent som LAM (lokale aktivitetsmidlar). I 2019 fekk lokale lag og organisasjonar i Hordaland og Sogn og Fjordane til saman tildelt 45 528 385 kroner frå ordninga.

Fylkesdirektøren tilrår at det i retningslinjene vert presisert at organisasjonar som kan få støtte frå statlege organ på regionalt nivå (t.d. via fylkesmannen) ikkje kan få støtte gjennom denne tilskotsordninga. Det finst statleg finansierte tilskotsordningar til drift av [politiske ungdomsparti](#) og [trus- og livssynssamfunn](#). Dette er ei endring av retningslinjene samanlikna med ordninga slik ho har vore i Hordaland. Fylkesdirektøren meiner det er fornuftig å unngå dobbel offentleg finansiering av drift av organisasjonar. Ei dobbelfinansiering vil ikkje vere rettferdig ovanfor organisasjonar som ikkje har høve til dette. I praksis vil ein kunne følgje dette opp ved at søkjarane blir bedt om å krysse av for om dei mottok anna offentlege driftsstøtte for det regionale arbeidet eller ikkje, samt ved gjennomgang av vedlagt rekneskap frå organisasjonane som søker.

Tilskot i dei tidlegare fylka

Sogn og Fjordane fylkeskommune har dei seinare åra lyst ut kulturmidlar som éi ordning med to typar tilskot - til drift og til prosjekt og tiltak. Både frivillige organisasjonar, profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar og kunstnarar i det frie feltet har hatt høve til å søkje om støtte frå kulturmidlane. Frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar har fått tilskotsmidlar gjennom kulturmidlar til drift. Følgjande regionale barne- og ungdomsorganisasjonar har fått tilskot i Sogn og Fjordane fylkeskommune dei siste to åra:

Organisasjon	Tilskot 2018	Tilskot 2019
KFUK-KFUM Sogn og Fjordane	90 000	90 000
4H Sogn og Fjordane	300 000	300 000
Sogn og Fjordane krins av KFUK-KFUM-speidarane	15 000	15 000
Sum:	405 000	405 000

I tillegg har fleire andre regionale kulturorganisasjonar med aktivt barne- og ungdomsarbeid, men der størstedelen av medlemene er over 26 år, fått driftstilskot gjennom kulturmidlane.

Hordaland fylkeskommune har dei seinare åra lyst ut ei eiga tilskotsordning til drift av barne- og ungdomsorganisasjonar. Følgjande regionale barne- og ungdomsorganisasjonar har fått driftsstøtte gjennom ordninga dei to siste åra:

Organisasjon	Tilskot 2018	Tilskot 2019
4H Hordaland		61 466
ARBEIDERNE UNGDOMSFYLKING	44 115	
BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM speidere	29 014	29 720
BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	65 759	64 833
CISV HORDALAND FYLKESLAG	44 680	39 324
DE UNGES ORKESTERFORBUND HORDALAND	32 964	40 373
FRELSEARMEEN Vestre divisjon, avd.FAbU	18 685	19 686
HAUGALAND KFUK-KFUM-SPEIDARAR	20 207	20 133
HAUGALAND KRETS NORGES KFUK KFUM	19 852	18 740
HORDALAND BARNE & UNGDOM SJAKK	27 911	22 718
HORDALAND KRINS AV NORGES SPEIDERFORBUND	57 457	62 140
Hordaland Natur og Ungdom	41 137	
Hordaland Røde Kors	93 038	82 727
HORDALAND UNGDOMSLAG	48 014	51 577
HORDALAND / VESTLAND UNGE VENSTRE	22 913	20 085
HYPERION VEST	52 639	40 719
INDREMISJONSSAMSKIPNADEN	44 379	41 289
Junior og barneorganisasjonen Juba, Hordaland krets	14 731	
KRIK Hordaland	60 948	47 167
NLM Ung Region Vest	39 355	42 782
NKSS Region Vest	27 875	30 701
RYVARDEN KRETS AV NORGES SPEIDERFORBUND	21 975	22 422
SØNDAGSSKOLEN BERGEN KRETS	46 302	50 332
SØNDAGSSKOLEN Karmsund-Sunnhordland krets	24 857	28 976
UNG I KOR - VEST		40 703
UNG KYRKJESONG VEST	36 306	49 620
UNGDOMSUTVALGET I HORDAKRINSEN	64 887	71 857
Sum	1 000 000	1 000 000

Retningslinjene

Fylkesdirektøren foreslår ei vidareføring av tilskotsordninga til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar, med enkelte endringar i retningslinjene.

I Hordaland fylkeskommune har tilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar vore tildelt utifrå ei kvantitativ utrekning som gjeld aktivitet og tal medlemmer i kommunane, samt teljande medlemmer under 26 år i organisasjonane. Vidare har faktorar knytt til kjønnsrepresentasjon, ungdomsrepresentasjon i styret i fylkesleddet, samt om organisasjonen har meir enn halvparten av medlemene i aldersgruppa under 26 år gitt utslag.

Fylkesdirektøren tilrår å endre retningslinjene slik at søknadene også blir vurdert kvalitativt knytt mot føremålet i tilskotsordninga. På denne måten vil ein kunne gje støtte utifrå aktivitetsnivå,

opplæringsarbeid, utviklingsarbeid, samarbeidstiltak, om organisasjonen har tilsette og i kva grad organisasjonen arbeider for å oppfylle mål og satsingar i dei regionale kulturplanane.

Fylkesdirektøren meiner det er viktig at det ved tildeling av tilskot blir tatt omsyn til at ein har hatt ulike støtteordningar i dei to tidlegare fylkeskommunane, slik at organisasjonar ikkje risikerer stort inntektstap i 2020.

Fylkesdirektøren tilrår ein gjennomgang av kva organisasjonar som skal høyre under tilskotsordninga slik at den på best mogleg vis fyller føremålet om å legge til rette for aktivitetar for barn og unge under 26 år. Det vil vere aktuelt å flytte enkelte organisasjonar som har fått støtte gjennom ordninga i Hordaland fylkeskommune til andre tilskotsordningar, der dei meir naturleg høyrer heime. Fylkesdirektøren vil ta omsyn til at ein har hatt ulike tilskotsordningar i dei to tidlegare fylkeskommunane. Samtidig er det vedtatt nye tilskotsordningar til drift av kulturorganisasjonar og til organisasjonar som arbeider spesielt for å fremje mangfald og inkludering.

Fylkesdirektøren vil evaluere tilskotsordninga til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar når første søknadsåret er omme. Vi vil bruke 2020 til å hauste erfaringar, og vil eventuelt justere tilskotsordningane frå 2021.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Dei regionale barne- og ungdomsorganisasjonane driv viktig folkehelsearbeid.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, *PREMISS: KULTUR* set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektør tilrår at det blir etablert og lyst tilskotsordning for drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Det vert sett av 1,7 millionar kroner til ordninga i 2020. Ordninga byggjer vidare på Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning, men søknadene vil i større grad bli vurdert kvalitativt opp mot føremålet til ordninga. Fylkesdirektøren vil ved tildelinga av midlar vere spesielt merksam på at organisasjonar ikkje skal tape store inntekter samanlikna med tidlegare tildelingar. Fylkesdirektør tilrår ein gjennomgang av kva organisasjonar som skal høyre under tilskotsordninga, og kva organisasjonar som meir naturleg vil høyre under andre tilskotsordningar.

Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar

- Retningslinjer -

Føremål med ordninga

Tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar skal leggje til rette for barn og ungdom si deltaking og engasjement i organisasjons- og samfunnslivet. Ordninga skal stimulere organisasjonane som arena for deltaking, engasjement og ansvar. Ordninga skal fremje medverknad, inkludering, samfunnsinnsikt, ytringsfridom og demokrati for barn og ungdom.

Driftstilskotet skal styrke organisasjonen sitt arbeid med demokratiskulering, organisasjonsutvikling og organisasjonsopplæring av barn og ungdom, og legge til rette for at medlemene sjølv står for utøving av organisasjonen si verksemd.

Kven kan søke?

Støtteordninga er for frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar med regionalt virke. At organisasjonen må ha regionalt virke inneber at den kan vise til lokal aktivitet gjennom å ha lokallag i minst tre kommunar i Vestland. Kommunane har ansvar for å støtte lokal aktivitet, fylkeskommunen aktivitet som er fylkesfemnande eller innanfor eit større geografisk område.

Organisasjonen må ha minst 100 teljande medlemmer i Vestland fylke, dvs. at minst 100 medlemmer under 26 år må ha betalt kontingenten for det føregåande året. Organisasjonen må ha organisasjonsnummer for å kunne søkje.

Søknadsfrist

Årleg søknadsfrist er 1. mars. I 2020 er søknadsfristen 15. april.

Kva kan ein få støtte til?

Driftstilskot blir tildelt regionale frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar si drift og normale aktivitet, og er ikkje knytt til prosjekt eller særlege tiltak.

Vurdering

Søknaden blir vurdert ut i frå følgjande kriterium:

1. Kor mange teljande medlemmer organisasjonen har under 26 år. For å vere teljande må medlemen ha betalt kontingenten det føregåande året.
2. Kor mange kommunar i Vestland den regionale organisasjonen har aktivitet gjennom lokallag.
3. Kor mange lokallag som er tilslutta organisasjonen sitt regionale ledd.
4. Kor stor del av medlemsmassen som er under 26 år. Barn og unge må vere hovudmålgruppa til organisasjonen.
5. Om organisasjonen har tilsette.
6. Organisasjonen sitt aktivitetsnivå og utviklingsarbeid.
7. Organisasjonen sitt opplæringsarbeid og arbeid med skulering i demokrati.
8. Organisasjonen sine samarbeidstiltak med andre organisasjonar og grupper.
9. I kva grad organisasjonen oppfyller mål og satsingar i regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, *PREMISS:KULTUR* og/eller i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, *Kultur for alle*. Desse planane gjeld i det geografiske området dei er vedteke i fram til ny regional plan for kultur i Vestland er vedteke.

I vurderinga av søknadene vil fylkeskommunen sjå på både det kvantitative, som tal medlemmer, lokallag og kommunar, og det kvalitative, som gjeld mellom anna aktivitetsnivå, utviklingsarbeid, opplæringstiltak og samarbeidstiltak. 50% av tilskotet til kvar enkelt søkjar er basert på ei kvantitativ vurdering som gjeld punkta 1 til 5 ovanfor. Resterande 50% av tilskotet blir løyvd basert på ei kvalitativ vurdering som gjeld punkta 6 til 9.

Krav til søkjar

Dei regionale frivillige organisasjonane som blir tildelt støtte må gjennom vedtektene:

- a) vere medlemsbasert, demokratisk og ha aktivitet for barn og unge under 26 år som hovudmålgruppe
- b) gje medlemene i organisasjonen fulle demokratiske rettar frå fylte 15 år. Medlemer under 15 år må også ha reell moglegheit til å påverke i organisasjonen.
- c) ha eit tydeleg føremål, sjølvstende, organisasjonsform og oppbygging for fylkesledd / regionaledd
- d) vise til at organisasjonen er fylkes-/ regionalt ledd som koordinerer aktivitet for lokallag i Vestland
- e) vise til at organisasjonen har eit ideelt (ikkje-kommersielt) mål og vil fremje føremålet til støtteordninga
- f) vise til at organisasjonen ikkje skapar hinder for full deltaking for barn og ungdom frå alle samfunnsgrupper, uavhengig av kjønn, etnisitet, nedsett funksjonsevne eller seksuell orientering

Det vert ikkje gitt støtte til:

- organisasjonar som har idrett/sport eller mosjon som sin hovudaktivitet
- organisasjonar som har kommersielle aktivitetar som sin hovudaktivitet
- organisasjonar som har diskriminerande innhald i vedtektene sine og / eller i aktivitetar
- organisasjonar med tidsavgrensa føremål
- særorganisasjonar for barn og unge under utdanning
- organisasjonar som har aktivitetar som er knytt til eller integrert i utdanningstilboda si undervisning
- organisasjonar som får driftstilskot gjennom andre støtteordningar og etter budsjettvedtak i Vestland fylkeskommune
- organisasjonar som kan få driftstilskot frå statlege organ på regionale nivå, t.d. politiske parti og trus- og livssynssamfunn

Krav til søknaden

Søknaden skal sendast inn til Vestland fylkeskommune via elektronisk søknadsskjema.

Budsjett og handlingsplan / arbeidsprogram for komande periode skal ligge ved eller sendast etter så snart vedtak er fatta i organisasjonen. Siste godkjente årsmelding, rekneskap og vedtekter for organisasjonen skal ligge ved søknaden eller sendast etter så snart desse er godkjent i organisasjonen sitt høgste organ (årsmøte e.l.).

Søklar må opplyse om organisasjonen sine medlemstal i søknaden. Ved kontroll skal fylkeskommunen kunne krevje innsyn i organisasjonane sine medlemslister.

Sakshandsaming og vedtak

Forvaltningslova skal leggjast til grunn for all søknadshandsaming i Vestland fylkeskommune. Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. Forvaltningslova (Fvl.).

Avdeling for Kultur, idrett og inkludering førebur søknadene for politisk handsaming og vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og integrering. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunngjevast i saksframlegget. Vedtak som fråvik frå fylkesdirektøren si innstilling skal også grunngjevast. Søknadene skal i hovudsak vere handsama innan tre månader etter søknadsfrist.

Oppfølging og rapportering

Mottakar av støtte pliktar å rapportere for bruken av tildelte midlar til fylkeskommunen. Mottakaren rapporterer for dei tildelte midlane innan 1. mars påfølgjande år saman med ny søknad om driftstønad for regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Organisasjonen sender inn godkjent årsmelding og rekneskap for det året støtta er innvilga saman med søknaden. Godkjent årsmelding og rekneskap er å sjå som rapport for bruken av tildelte midlar.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.

Klage

Vedtak kan klagast på etter Forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Søkjar kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar tok imot melding om vedtaket.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klagen vert sendt til Vestland fylkeskommune.

Saknr: 2020/39519-4
Saksbehandlar: RuSigrid Furnes

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	25/20	17.03.2020
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	42/20	03.04.2020

Tilskot til utvikling av modellbibliotek 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek utlysning av tilskot til Modellbibliotekprogrammet slik det ligg føre i saka.
2. Tilskotet er eit viktig verkemiddel for å stimulere kommunane til å utvikle folkebiblioteka til å drive aktiv formidling, vere uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg samtale og debatt.

Saksprotokoll i 17.03.2020 - Hovudutval for kultur, idrett og integrering Vedtak

Samandrag

Modellbibliotekprogrammet vart etablert i Hordaland i 2014 og har vist seg å vere eit kraftfullt og etterspurd tiltak for å utvikle folkebiblioteka i tråd med endringane i føremålsparagrafen i Folkebiblioteklova frå 2014, som slår fast at biblioteka skal drive aktiv formidling, vere uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg samtale og debatt.

I Hordaland er til no 20 kommunar involvert i programmet. 14 biblioteket er opna som nye eller nyrenoverte og står fram som profesjonelle arrangørar av debattar og kulturprogram. Det er ønskeleg å utvide programmet til heile Vestland fylke i 2020.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ruth Ørnholt
seksjonsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Hordaland fylkeskommune starta Modellbibliotekprogrammet som ein del av eit større treårig prosjekt i 2014. Prosjektet vart støtta av Nasjonalbiblioteket, og knytt til endringar i formålsparagrafen i biblioteklova om at folkebiblioteka skal drive aktiv formidling, vere uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg samtale og debatt.

Modellbibliotekprogrammet har vist seg å vere eit viktig og etterspurd tiltak, og vart, med forankring i innsatsområde i regionale kulturplan, Premiss: kultur 2015-2025, vidareført med fylkeskommunale midlar etter at prosjektet var avslutta

Til grunn for programmet ligg behovet for å utvikle biblioteka i samsvar med det nye samfunnsoppdraget og synleggjere nye tenester og samarbeidsformer. For å bli meir attraktive og moderne, treng mange folkebibliotek å gjennomgå endringsprosessar av større eller mindre omfang. Fleire har hatt behov for nye eller renoverte lokale, men småskala-prosjekt kan også passe inn i ramma for modellbibliotekprogrammet.

I Hordaland er til no 20 kommunar involvert i prosjektet. 14 biblioteket er opna som nye eller nyrenoverte, sjå vedlagt oversyn. Biblioteka har blitt revitalisert og står fram som profesjonelle arrangørar av debattar og kulturprogram. Av om lag 20 meirope bibliotekavdelingar i Hordaland, har 11 vore med i modellbibliotekprogrammet. I tidlegare Sogn og Fjordane fylke er det berre eit meirope bibliotek, men fleire under planlegging. Mange bibliotek treng hjelp til å stå fram som relevant kulturaktør i sitt lokalsamfunn.

Eit kriteria for å vere med i programmet, er at biblioteka skal ha ambisjon om å vere ein aktiv og (med)skapande kulturaktør i sitt nærmiljø og i sin kommune, ved å vere eit kunnskaps- og aktivitetssentrum, ein uformell møtestad og arena for kulturopplevinga, offentleg debatt og samtale. Eit anna aspekt kan vere utprøving av nye formidlingsmetodar og samarbeidsformer.

Ein føresetnad for å kome med i programmet, er at samlingane vert vurderte og aktualiserte. I tillegg må kommunane stille med same kronebeløp som fylkeskommunen, kr 100.000, for å supplere biblioteka med nytt inventar og utstyr.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: I budsjettet for 2020 er det avsett kr 450 000.

Fylkeskommunen sitt bidrag er kr 100 000 til kvart prosjekt, deltaking i prosjektgruppe og praktisk arbeid og utgifter til interiørarkitekt, reise mm., ca. 50 - 60 000 per prosjekt. Det er rom for å gi løyving til tre prosjekt i 2020.

Søkjaren må bidra med kr 100 000, eigenfinansiering i form av stillingsressursarar og andre driftskostnader.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Modellbibliotekprogrammet er forankra i Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025. og regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027. I planane er det samanfallande mål om å utvikle moderne og attraktive bibliotek, styrkje og synleggjere folkebiblioteket som ressurs i lokalsamfunnet og som møteplass og arena for inkludering, læring og debatt.

Konklusjon

Fylkesdirektøren ser tilskotsordninga for Modellbibliotekprogrammet som eit viktig bidrag til fylkeskommunane sitt arbeid med å utjamne forskjellar mellom bibliotek og utvikle biblioteka til sentrale arenaer i lokalsamfunna.

Vedlegg: Modellbibliotekprogrammet

År	Bibliotek	Prosjekt	Modell/vurdering	Opning	Meiroppe
2014	Strilabiblioteket (Lindås og Meland) (Nordhordlandsbiblioteka)	Utvikle eit alternativ til hovudbibliotek-filialstruktur ved kommunesamanslåing. Betre kvaliteten på biblioteketilbodet i Lindås og Meland gjennom å lage to spesialiserte bibliotek som utgjere eit heile og å utvide opningstida ved å gjere biblioteka meiroppe. Samlingane er aktualiserte. Interiørarkitekt: Hopstock Design	Utprøving av nye samarbeidsformer på tvers av kommunar ved å utvikle eit heilskapleg bibliotektilbod. To bibliotek blir ein heilskap med felles utnytting av samlingar og kompetanse.	14. 04.2016	ja
2015	Granvin folkebibliotek (Hardanger og Voss)	Utvikle biblioteket til eit fleirbruksrom og storstove. I prosessen vart biblioteket flytta til nye lokale, og er har blitt eit nytt kulturhus i kommunen. Samlinga er aktualisert, og biblioteket er meiroppe. Interiørarkitekt: BS Eurobib	Det nye lokale har blitt ein møteplass og arena for kulturtilbod. Nye samarbeidsformer fyller huset med innhald. Prosjektet viser at ein relativ lita løyving kan setje i gang store prosessar.	17. 03.2016	ja
2015	Sund folkebibliotek (Biblioteka i vest)	Små lokale skal gjerast om til ei debatt- og kulturarena. Gjennom omfattande aktualisering og avtaler med Fjell folkeboksamling i nabokommunen, skal Sund gå frå å vere eit breidde-bibliotek til eit bruksbibliotek. Samlinga som står att skal aktivt formidlast. Fokuset er på inspirasjon og aktualitet. Samlinga er aktualisert og biblioteket er meiroppe. Interiørarkitekt: BS Eurobib	Utprøving av nye formidlingsmetodar og aktiv formidling i bibliotekrommet. Utstrakt lånesamarbeid med nabokommunen reduserer behovet for eigne samlingar og gjer at eit relativt lite lokale kan utnyttast betre.	25. 11. 2015	ja
2015	Bømlo filial (Sunnhordlandsbiblioteka)	Filialen er eit kombinert skule- og folkebibliotek i ein relativ stor barne- og ungdomsskule. Ynsket er å lage biblioteket til ein attraktiv møtestad for ungdom i bygda og at det skal bli meir tilgjengeleg ved å bli meiroppe.	Oppgradering av inventar har gjort biblioteket meir attraktivt og tilgjengeleg. Biblioteket har auka tilgjenge for folkebibliotekbrukarane frå 3 timar i veka til 105 timar.	30. 11.2016	ja

		Samlinga er aktualisert. Interiørarkitekt: BS Eurobib			
2016	Eidfjord folkebibliotek (Hardanger og Voss)	Biblioteket skal flyttast frå dårleg universelt tilrettelagde lokale i tredje etasje til første etasje i kommunehuset. Samordning med tenestetorget vil gje ei meir robust publikumsteneste. Tilrettelegging av lokalet vil gjere kommunen i stand til å oppfylle krava i biblioteklova. Samlinga skal aktualiserast. Interiørarkitekt: BS Eurobib	Samordning med tenestetorg. Flytting av biblioteket blei vedtatt i formannskapet i des. 2016.	Prosjektet vert ikkje realisert.	
2016	Fedje folkebibliotek (Nordhordlandsbiblioteka)	Tilrettelegge møteplassfunksjonen for barn og unge ved å fornye bibliotekrommet og samlinga. Samlinga er aktualisert. Interiørarkitekt: BS Eurobib	Etablering av attraktiv og god møteplass i barneavdelinga.	04.09.2017	nei
2016	Fitjar folkebibliotek (Sunnhordlandsbiblioteka)	Prøve ut ein modell for samordning med biblioteket i Fitjar vidaregåande skule. Samarbeidet vil føre til at kommunen nyttar ressursane betre, opningstidene vert utvida og samlingane meir aktuelle. Lokala vert tilpassa behovet til brukarane og vil gje plass til nye oppgåver. Samlinga er aktualisert. Folkebiblioteket er meirope. Interiørarkitekt: BS Eurobib	Unytting av kort avstand mellom biblioteka til å prøve nye samarbeidsformer mellom folkebibliotek og bibliotek på vidaregåande skule. Det er underskreve samarbeidsavtale om fordeling av ressursar.	13.02. 2017	ja
2016	Os folkebibliotek (Bjørnefjord-biblioteka)	Os folkebibliotek ynskjer å vere ein god og spennande møteplass for flest moglege brukargrupper. Dei ynskjer å satse på meirope, og vil difor innreie og skilte romma slik at publikum lett kan finne fram på eiga hand. Interiørarkitekt: BS	Biblioteket har fått teikna interiørforslag, men har ikkje ressursar til å gjennomføre forslaga.	Ikkje planlagt nyopning	ja

		<p>Eurobib</p> <p><i>Merknad:</i> Os vart ikkje prioritert som modellbibliotek, men fekk konsulenthjelp frå interiørarkitekt.</p>			
2017	Fusa (Bjørnefjord-biblioteka)	<p>Modernisering av bibliotek vil gjere det enklare for biblioteket å gjennomføre arrangement og gje innbyggjarane eit betre bibliotek både på kort og lang sikt. Samlinga er aktualisert.</p> <p>Interiørarkitekt: BS Eurobib</p>	Ruste opp biblioteket og sikre framtida for biblioteket som ein veldriven filial i ein ny og større kommune frå 2020.	1.02. 2018	delvis
2017	Radøy (Nordhordland)	<p>Biblioteket er eit kombinasjonsbibliotek. Ynskje om ny og betre lokalisering i samband med at kommunen skal slå seg saman med Lindås og Meland og med det bli det tredje Strilabiblioteket.</p> <p><i>Merknad:</i> Tiltaket har ikkje blitt iverksett, grunna manglande avgjerd i kommunen om ny lokalisering av biblioteket.</p>	Vidare satsing på barn og unge med fokus på oppleving: rom for lesing, oppdaging: folkeverkstad og kulturarena: rom for kulturytringar og møtestad.	Ny igangsetjing 2019-20.	
2017	Samnanger (Bjørnefjord-biblioteka)	<p>Flytting av bibliotek og innreiing av nytt bibliotek på Bjørkheim, som skal vere universelt utforma og møte dagens krav til biblioteket som møtestad og kulturarena der folk ferdist. Samlinga er aktualisert og biblioteket vert meirope.</p> <p>Interiørarkitekt: BS Eurobib</p>	Kommunen har vedteke å flytte biblioteket frå svært ueigna lokale på Tysse til nybygg på Bjørkheim. Biblioteket vil bli tilgjengeleg for nærliggande barnehagar, bufellesskap, kulturskule og skule.	17.08.2017	
2017	Stord (Sunnhordland)	<p>Søknaden inneheld to moment, meirope og større del av bibliotekarealet til ny ungdomsseksjon. Ei referansegruppe samansett av ungdom frå ungdomsskule og vidaregåande skule vert trekt inn i arbeidet.</p> <p>Interiørarkitekt: Mette</p>	Stord folkebiblioteket har i lengre tid jobba med det meirope biblioteket, og er kome godt i gang med å førebu dette arbeidet. Ungdomsavdelinga har lenge vore ei nedprioritert arena. Ved å trekkje ungdom inn i arbeidet med opprustinga, ynskjer ein ei meir moderne og tiltalende formgjeving av avdelinga, i	11.04.19	ja

		Heimtun	tillegg til større grad av permanente og ad hoc aktivitetar for ungdom.		
2017	Tysnes (Sunnhordland)	Tysnes ynskjer å styrke biblioteket fagleg. Det er ynskje om å samordne skule- og folkebiblioteket og å innføre meirope bibliotek. Samlinga må aktualiserast. Interiørarkitekt: BS Eurobib	Biblioteket ligg i Tysneshallen, som er mykje brukt av skular, lag og organisasjonar, likevel er utlån og bruken av biblioteket svært låg. Modernisering er naudsynt for å møte krava i biblioteklova. Med nyttilsett biblioteksjef i 80% stilling, er det trong for ekstra tett oppfølging frå fylkesbiblioteket.	27.03.19	ja
2017	Austevoll (Sunnhordland)	Biblioteket er lokalisert i kjøpesenteret Bekkjarkvik Torg. Lokale er gode, men alt for små. Etter initiativ frå sentereigar, er det høve til å få utvida lokale monaleg, noko som vil skape plass for biblioteket som ei aktiv kulturarena. Samlinga er aktualisert. Interiørarkitekt: Mette Heimtun <i>Merknad: Austevoll har ikkje fått løyving på kr 100 000, men er kome med i prosjektet og har fått støtte til interiørarkitekt.</i>	Biblioteket i noverande lokale, er ikkje ein uavhengig møtestad og arena for kulturopplevingar, offentleg samtale og debatt. Huseigar stiller meir lokale til disposisjon og biblioteket treng hjelp med prosessen med å utvida lokala til ei meir formålstenleg arena. Kommunestyret handsamar sak om investering på 1,5 mill. kr. i desember 2017.	24.03.18	ja
2018	Masfjorden (Nordhordland)	Hovudbiblioteket på Hostelnd er eit kombinert skule- og folkebibliotek med Nordbygda skule, med fast innreing og utan høve til tilskipingar, og tilfredsstillar ikkje krava i lov om folkebibliotek. Ein ynskjer å legge til rette lokala for å vere ein uformell møtestad og arena for kulturopplevingar, offentleg samtale og debatt. Interiørarkitekt: Mette Heimtun	Biblioteket treng oppgradering og med eitt årsverk er det lite høve til utviklingsarbeid. Utan modellbibliotekprogrammet er det vanskeleg å få til endring. Ekspert hjelp må inn for å sjå på korleis ein kan tilrettelegge lite eigna lokale på best mogleg måte.	14.05.19	nei
	Voss kommune (Hardanger og Voss)	Voss bibliotek ligg i kulturhuset og har svært fine lokale, men støy og ope areal gjere det vanskeleg å finne avskjerma krok. Biblioteket vart opna før	Med to nye vidaregåande skular er Voss ein attraktiv stad for unge menneske, og dette bør speglast i biblioteket. Biblioteket har ressursar til å gjere mykje, men treng ekspertise til å	Ikkje dagsett opning.	nei

		<p>endringane i biblioteklova i 2014. Ein ynskjer å ominnreie og fornye biblioteket slik at det vert eigne soner for ungdom å opphalde seg for å lese, men også soner der det er rom for andre aktivitetar. Sonene kan brukast av andre på dagtid, t.d. skuleklassar og eldre.</p> <p>Interiørarkitekt: Mette Heimtun <i>Merknad:</i> <i>Voss har berre fått støtte til interiørarkitekt.</i></p>	<p>ominnreie utan å øydeleggje dei arkitektoniske kvalitetane i rommet.</p> <p>Biblioteket har fått teikna interiørforslag, men det er uvisst kor mykje som vert gjennomført.</p>		
	Sveio (Sunnhordland)	<p>Biblioteket ligg i Idrettsskule og kulturbygget Vigdartun, og tener som kombinasjonsbibliotek for Sveio barne- og ungdomsskule, og har 1,5 årsverk. Kommunen har løyvd kroner 650.000 til meirope bibliotek i 2018. Biblioteket har fått arenamidlar frå Nasjonalbiblioteket til sceneområdet.</p> <p>Ein ynskjer eit bibliotek der parallelle aktivitetar kan gå føre seg når meir enn ein av personalet er til stades og utvide og fornye tilbodet i biblioteket på dagtid. Bindande avtale med skulen for gje eit betre tilbod vert vurdert.</p> <p>Interiørarkitekt: Mette Heimtun</p>	<p>Kommunen satsar på biblioteket i 2018, og søker om økonomisk støtte, rettleiing og arkitektbistand for at resultatet skal bli best mogleg.</p> <p>Som del av modellbibliotekprogrammet, vil endringane vere sikra fagleg forankring og kome endå fleire til gode.</p>	1. okt. 2019	ja
2019	Vaksdal (Bjørnefjord)	<p>Vaksdal kommune planlegg nytt skule- og kulturbygg. I tillegg til bibliotek, skal det innehalde barne- og ungdomsskule, symjehall og kulturhall. Det er meininga at det nye biblioteket skal bli meirope, og kommunen ser for seg at det vert nytta meir pengar enn det som ligg i modellbibliotekprosjektet til inventar og utstyr i den nye biblioteket Bygget skal stå ferdig i 2019.</p>	<p>Vaksdal folkebibliotek held til i lite hensiktsmessige lokale på Dale. For større tilskipingar, må Dale forsamlingshus takast i bruk som arrangementsrom. For eit godt og heilskapleg resultat, er det viktig at kompetanse på bibliotekrom vert ivareteke gjennom heilt prosessen.</p>	August 2020	ja
2019	Odda(Hardanger og Voss)	<p>Rom for kunst og oppleving</p> <p>Odda bibliotek held til i eit</p>	<p>Eit større rehabiliteringsprosjekt enn den som ligg i</p>	11. feb. 2020.	Rehabilitering av kjeller i

		<p>klassisk 50-tals bygg i Odda Rådhus. All restaurering i biblioteket sin hovudetasjen er gjort med mål om å behalde tidsånda frå 50-talet. Biblioteket vil bli nytt hovudbibliotek i nye Ullensvang kommune. Biblioteket har eit kjellarlokale som treng oppgradering. Det er ynskje om rehabilitering av rommet, der funksjonar som lesesal og arrangementsrom vert kombinert som visningsrom for kunst.</p>	<p>modellbibliotekprogrammet må påreknast for å setje i stand underetasjen. Prosjektet kan vere eit insitament for å starte denne prosessen ved å ta vare på og vise fram biblioteket si kunstsamling på ein god måte. Bistand frå interiørarkitekt kan vere ei trygging for at arbeidet vert gjort med den kompetansen som trengs for å ivareta lokale sin karakter.</p>	<p>rådhuset er utsett på ubestemt tid. Prosjektet er overført avdelinga i Kinsarvik, der biblioteket skal flytte inn i heradshuset.</p>	
2019	Jondal (Hardanger og Voss)	<p>Nytt kombinasjonsbibliotek 2019 Jondal kommune har vedtatt bygging av nytt bibliotek i samband med rehabilitering av Jondal skule. Bygget vil innehalde idrettshall og bibliotek, og det er tenkt at biblioteket skal vere meirope. Biblioteket vert eit kombinert bibliotek med skule og folkebibliotek. Universell utforming er ivareteke I planane for biblioteket, er det tenkt eit moderne bibliotek med mange funksjonar, som vil vere ein etablert og integrert del av kultur- og aktivitetssenter. Bygget skal stå ferdig i 2020.</p>	<p>Biblioteket held i dag til i gamle og lite tenlege lokale i Jondal skule. Biblioteket har liten stillingsressurs. Vedtak om bygging av nytt bygg, viser at kommunen satsar på biblioteket, og søker støtte for at resultatet skal bli best mogleg. Bistand frå interiørarkitekt vil vere eit viktig bidrag for eit godt og formålstenleg resultat.</p>	<p>Haust 2020</p>	<p>ja</p>

Saknr: 2020/36583-9
Saksbehandlar: Eva Moberg, Roald Landøy

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	30/20	17.03.2020
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	43/20	03.04.2020

Fordeling av tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy 2020

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering fordelar tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy frå budsjettpost 400.650.09 slik:

<i>Fartøy</i>	<i>Søklar / eigar</i>	<i>Tildelt</i>
MS Atløy	Veteranbåtlag Atløy	100 000
MS Gamle Nyborg	A. Andersen Shipping AS	50 000
MS Granvin	Veteranskipslaget Fjordabåten	200 000
MF Hardingen SR	Fjord-2 Fjord Cruises AS	avslag
MS Haugefisk	Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	100 000
DS Hestmanden	D/S Hestmanden`s venner /Vest-Agder museet	avslag
MS Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	100 000
SJ Mathilde	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	185 000
DS Midthordland	Det Midthordlandske Dampskibsselskab AS	100 000
MS Nybakk	Ms Nybakks Venner	70 000
DS Oster	Nordhordland Veteranbåtlag	120 000
DS Stavenes	Veteranskipslaget Stavenes	200 000
DS Stord I	Stiftelsen D/S Stord I	385 000
MS Sunnhordland	HSD Sunnhordland AS	350 000
SJ Svanhild	Stiftinga Svanhild	150 000

MS Vestgar	Øygardsbåtane AS	45 000
MS Vulcanus	Vulcanus Taubåtkompani	75 000
		2 230 000

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev hovudutval for kultur, idrett og integrering administrasjonen høve til å omfordele midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.

Saksprotokoll i 17.03.2020 - Hovudutval for kultur, idrett og integrering Vedtak

Samandrag

Vestland fylkeskommune og Riksantikvaren har kvar sett av ein årleg post på kr 1 000 000,-, til saman 2 mill. til tilskotsordninga for drift av verna fartøy. I tillegg kjem inntrekte midlar på kr 230 000 som vert omdisponerte, slik at den samla summen til fordeling er kr 2 230 000.

Målgruppa er eigarar av fartøy som har fått tildelt status som «verna fartøy» av Riksantikvaren.

Det er kome inn 17 søknader for 2020. Den samla søknadssummen er kr 14 113 797, medan budsjettposten er på kr 2 000 000.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J. Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn

Budsjett 2019-2020	2 000 000
Søknadsfrist for tildeling	1. februar 2020
Vedtaks kriteria	Retningslinjer fastsett av KULII 12.11.2019, sak 3/2019
Informasjon om ordninga	Nettstad

Tal på søknader	17
Tal på søknader som er tilrådd tilskot	15
Samla søknadssum	14 113 797
Tilrådd til fordeling	2 230 000

Overordna kommentarar til innstillinga:

Tilskotsordninga til forvaltning og drift av verna fartøy vart etablert i 2016 i Hordaland fylkeskommune. Ordninga er vidareført for Vestland fylkeskommune, med reviderte retningslinjer. Som framheva i kulturplanane «Premiss: kultur» og «Kultur for alle» er fartøyvern eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Etter at fartøya vert sette i stand, er erfaringa at mange større fartøy slit med høge driftskostnader. Tilskotsordninga til forvaltning og drift av freda og verneverdige fartøy vert finansiert etter same modell (SAVOS) som tilskotsordninga for sikring og istandsetting av verna fartøy, der Riksantikvaren gir midlar frå statsbudsjettet i same storleik som det fylkeskommunen sjølv set av.

Ordninga skal kunne dekkje utgifter som er ein føresetnad for, eller ein konsekvens av, at fartøya er i drift: naudsynt periodisk ettersyn, kontroll og service, naudsynte kurs for mannskap og tiltak som sikrar at kunnskapen om drift av fartøyet vert teken vare på og ført vidare. Det er kun større fartøy, definert i retningslinjene som over 100 bruttoregister tonn eller som tar minst 20 passasjerar, som kan søke støtte i denne tilskotsordninga. Dette er dels for å gjere ordninga meir spissa mot der trongen er størst. Større fartøy har òg gjennomgåande høgare driftsutgifter, samstundes som det særleg er desse som går med passasjerar og på det viset når ut til ålmenta i størst grad. Det er opna for at fartøy som ikkje høyrer heime i Vestland, men som har størsteparten av seglingstida si her og slik sett kjem fylket til gode, kan få støtte.

Utgangspunkt for prioriteringa

To av fartøya møter ikkje kriteria for tilskotsordninga. Dei femten andre omsøkte tiltaka, vert prioriterte i hovudsak ut i frå storleik på fartøyet og passasjertal, då større fartøy og passasjersertifikat fører til høgare utgifter knytt til teknisk tilstand og tryggleik generelt. Fire av fartøya får 200 000,- eller meir. Det er teke omsyn til at nokre fartøy fekk tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på slutten av 2019.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett og det ligg føre stadfesting frå Riksantikvaren om tildeling av midlar for 2020 over SAVOS-ordninga

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for t.d. klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa, og det er brei interesse og stor oppslutning rundt mange av fartøya.

Regional planstrategi: Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR og Kultur for alle Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane, 2019-2027.

Konklusjon

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering fordeler tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy frå budsjettpost 400.650.09 slik:

<i>Fartøy</i>	<i>Søklar / eigar</i>	<i>Tildelt</i>
MS Atløy	Veteranbåtlag Atløy	100 000
MS Gamle Nyborg	A. Andersen Shipping AS	50 000
MS Granvin	Veteranskipslaget Fjordabåten	200 000
MF Hardingen SR	Fjord-2 Fjord Cruises AS	0
MS Haugefisk	Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	100 000
DS Hestmanden	D/S Hestmanden`s venner /Vest-Agder museet	0
MS Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	100 000
SJ Mathilde	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	185 000
DS Midthordland	Det Midthordlandske Dampskibsselskab AS	100 000
MS Nybakk	Ms Nybakks Venner	70 000
DS Oster	Nordhordland Veteranbåtlag	120 000
DS Stavenes	Veteranskipslaget Stavenes	200 000
DS Stord I	Stiftelsen D/S Stord I	385 000
MS Sunnhordland	HSD Sunnhordland AS	350 000
SJ Svanhild	Stiftinga Svanhild	150 000
MS Vestgar	Øygardsbåtane AS	45 000
MS Vulcanus	Vulcanus Taubåtkompani	75 000
		2 230 000

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev hovudutval for kultur, idrett og integrering administrasjonen høve til å omfordele midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.

	Fartøy	Søklar	Tot.kost	Søkn.sum	Tildelt	Omsøkt tiltak	Vurdering
1	MS Atløy	Veteranbåtlag Atløy	900 000	250 000	100 000	Søknaden beskriv utgifter til ny generator, forsikring, bunkers og sertifikat for 2 nye mannskap. Elles sertifisering av tryggleiksutstyr.	Søklar ber om stønad til naudsynte driftsutgifter. Både drift og vedlikehald skjer i stor grad på dugnad, og laget synleggjer relativt stor eigendel i prosjektet. Omsøkte tiltak fell inn under formålet med støtteordninga.
2	MS Gamle Nyborg	A. Andersen Shipping AS	155 246	149 646	50 000	Søknaden opplyser at fartøyet har midlertidig fartsøyve frå Sjøfartsdirektoratet, noko ein vil prøve å oppretthalde i 2020 ved å fokusere på nødvendig tryggleiksutstyr.	Fartøyet søker om stønad til tryggleiksutstyr, for å oppretthalde bruken og ivareta fartøyet som kulturminne.
3	MS Granvin	Veteranskipslaget Fjordabåten	433 000	433 000	200 000	Søknaden omhandlar å få på plass naudsynte tryggleikssertifikat for å gjere MS Granvin sjøklar for sesongen 2020. Elles tilkjem kostnader til forsikring, varslingsutstyr og reparasjon av akselgenerator.	Grunna større utbetringar har fartøyet ikkje vore i drift dei siste to seglingsseongane. Reiarlaget ber om tilskot til naudsynte driftsutgifter for å få fartøyet sjøklart. Søknaden synleggjer utgifter til resertifisering, samt eit pålegg frå Sjøfartsdirektoratet om reparasjon av akselgenerator.
4	MF Hardingen SR	Fjord-2 Fjord Cruises AS	10 000 000	10 000 000	avsalg	Tanktoppane under nedre salong har rusthol og ein kan sjå rett ned i ballastvatn og diesel. Vidare er det hol i bildekket og truleg må 2/3 av bildekket skiftast. Rennesteinane på 3 dekknivå er rusta, og vil neppe passere neste hovudklasse.	Reiar har oppdaga omfattande stålskadar og vurderer at fartøyet ikkje vil passera neste hovudklasse. Eigar har søkt og fått avslag frå Riksantikvaren på oppheving av utførsleforbodet. Tiltaket gjeld istandsetjing og fell ikkje inn under føremålet med denne driftstilskotsordninga.

5	MS Haugefisk	Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	200 000	150 000	100 000	Omsøkt tiltak er slippsetjing, botnbehandling, måling av platetjukkeleik, samt reparasjon av to generatorar.	Søknaden omhandlar kostnader som reiarlaget er pålagt i kraft av å ha passasjersertifikat. Slippsetjing ved fornying av sertifikat, samt service av maskineri og teknisk utstyr, fell inn under formålet med støtteordninga.
6	DS Hestmanden	D/S Hestmanden`s venner /Vest-Agder museet		180 000	avslag	Søker støtte til drivstoff-utgifter.	Hestmanden er eit freda, flytande kulturminne med heimehamn i Kristiansand. Søkjar ber om stønad til drivstoffutgifter for å kunna vitja Vestland i seglingssesongen 2020. Fartøyet har ikkje heimeadresse i Vestland og har heller ikkje størsteparten av seglingstida si i fylket, og møter såleis ikkje kriteria for tildeling
7	MS Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	447 000	110 000	100 000	Lindenes skal ha 5-årsklassing i 2020, elles er nemnt forsikring, vedlikehald av tryggleiksutstyr til brann og redning, kursing av mannskap og sertifisering av redningsflåtar.	Søknaden skildrar utgifter til kursavgift for frivillige, samt utgifter i samband med periodisk ettersyn, service av maskineri og teknisk utstyr og brannsikring av kulturminnet.
8	SJ Mathilde	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	1 840 000	200 000	185 000	Det vert søkt om stønad til drifta oppgradering av utstyr til Hardangerjakta Mathilde. Born er den viktigaste målgruppa.	Hardangerjakta Mathilde er eit viktig bidrag til bevaring og formidling av immateriell kulturarv. Med born som hovudmålgruppe, har tryggleik i form av oppgradert utsyr, høg prioritet.
9	DS Midthordland	Det Midthordlandske Dampskibsselskab AS	250 000	250 000	100 000	Generell søknad til drift som nemner kostnader til fornying av ISM sertifikat.	Søknaden omhandlar kostnader som reiarlaget er pålagt i kraft av å ha passasjersertifikat. Tryggleiksutstyr, kursing av mannskap og fornying av sertifikat er naudsynt for drift av kulturminnet.

10	MS Nybakk	Ms Nybakks Venner	136 151	116 151	70 000	Det vert søkt om istandsetting av dør til tørkeskap, div. utvendige låsetersar er fastrusta og tilsvarande for hengsler til luker. Botnventilar er gamle og korrodert m.m.	Søknaden listar opp fleire mindre men viktige tiltak. Nokre av tiltaka er i grenseland mellom drift/vedlikehald og istandsetting. Vi vel å gje stønad til skifte av terser/hengsler samt skifte av botnventilar.
11	DS Oster	Nordhordland Veteranbåtlag	620 000	170 000	120 000	Drivstoff- og bunkersutgifter. Sikring av naudsynt forbruksmateriell og reservedelar til fartøyet, resertifisering av flåtar, utgifter til planlegging og kompetanseheving	Søklar ber om tilskot til å sikra naudsynt forbruksmateriell og reservedelar til fartøyet. Det vert óg søkt midlar til brannsikring, samt utgifter til kompetanseheving. Dei omsøkte tiltaka fell inn under formålet med støtteordninga.
12	DS Stavenes	Veteranskipslaget Stavenes	605 000	605 000	200 000	Søknaden skildrar utgifter knytt til å få fartøyet seglingsdyktig. Mellom anna komplett styring, radiotransponder og nødpeilesendar, kjøp, montering og sertifisering av maritimt radiosamband, kjøp og montering av sertifiserte navigasjonsinstrument, lanterner, lys og naudstraum. Størstedelen av utgiftene er knytt til redningsutstyr og flåtar.	Etter ei omfattande istandsetjing går Stavenes igjen for eiga maskin. Reiarlaget søker om tilskot til investeringar, hovudsakleg i tryggleiksutstyr, som Sjøfartsdirektoratet krev for at fartøyet skal vera seglingsdyktig.
13	DS Stord I	Stiftelsen D/S Stord I	672 000	385 000	385 000	Søknaden skildrar primært utgifter knytt til tryggleiksutstyr, forsikringar, kursing av mannskap og fornying av sertifikat. Vidare er det synleggjort eit behov for fagleg rettleiing for å få til god formidling på veteranskipa. Det vert her søkt stønad til utvikling av eit formidlingsopplegg for "Stord I" som kan koma andre veteranbåtar til gode etter at "Stord I" har vore pilot. Tilsett ved Hardanger fartøyvernssenter vil vera fagleg ansvarleg og driva prosessar med	Tryggleiksutstyr, kursing av mannskap og fornying av sertifikat er kostnader som reiarlaget er pålagt i kraft av å ha passasjersertifikat. Søknaden synleggjer òg eit behov for profesjonelt utarbeidde formidlingstiltak kring fartøyet. Med tanke på rekruttering til fartøyvernfeltet, vil målretta innsats for å engasjera publikum, vera ei viktig oppgåve framover. Vi tilrår stønad til kursing, sertifisering - og formidling av immateriell kulturarv knytt til drifta av fartøyet.

						dugnadsmannskapet om bord i D/S Stord I.	
14	MS Sunnhordland	HSD Sunnhordland AS	635 000	400 000	350 000	Søknaden skildrar store utgifter til service/sertifisering av redningsflåtar og redningsutstyr generelt, kartoppdatering og andre tilsynskostnader. Søknaden nemner òg eige personale til å ivareta kommunikasjon og oppfølging med Sjøfartsdirektoratet.	Søkjar ber om stønad til driftsutgifter i samband med periodisk ettersyn, service av maskineri og teknisk utstyr til redning, navigasjon og brannvern. Reiarlaget syner til heilårleg drift som viktig for å oppretthalde eit godt vern.
15	SJ Svanhild	Stiftinga Svanhild	300 000	200 000	150 000	Søknaden omhandlar utgifter knytt til gjennomføring av hovudklassing for å behalda sertifikat. Tiltak som må gjennomførast er dokking, trekking av akslingar hovudmotor, trekke kjølboltar, kontrollere gjennomføringar. Ein forventar pålegg om separat naudstraum og sikring av batteri, samt inspeksjon og utbetring av rigg og skrog.	Søkjar ber om stønad til utgifter knytt til hovudklassing av fartøyet. Klassing er å forstå som naudsynte driftskostnadar knytt til fartøyet som kulturminne, og er såleis i tråd med føremålet for tilskotsordninga.
16	MS Vestgar	Øygardsbåtane AS	285 175	100 000	45 000	Dekking av årlege kontrollar og oppgradering av tryggleiksutstyr, forsikring av passasjerar, fartøy og dugnadspersonar, samt til legeattestar for mannskapet.	Søknaden omhandlar kostnader som reiarlaget er pålagt i kraft av å ha passasjersertifikat. Tryggleiksutstyr, kursing av mannskap og forsikring m.m., er å forstå som naudsynte driftsutgifter.
17	MS Vulcanus	Vulcanus Taubåtkompani	519 000	415 000	75 000	Søknaden skildrar dei årlege kostnadane med å halde og drive båten. Mellom anna er nemnt forsikring, sertifisering av tryggleiksutstyr, kurs og legeattestar for mannskap.	Søknaden syner til utgifter i samband med periodisk ettersyn, service av maskineri og teknisk utstyr, samt kursavgift for sertifisering av frivillige. Tilskotet for 2018 (60 000) er trekt inn. Det er ikkje rapportert om bruk, eller søkt om utbetaling av midlar tildelt i 2019 (75 000).
				14 113 797	2 230 000		

 Saknr: 2020/41990-1
 Saksbehandlar: Eva Moberg, Roald Landøy

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	31/20	17.03.2020
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	44/20	03.04.2020

Fordeling av tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2020

Forslag til vedtak

- Hovudutval for kultur, idrett og integrering fordeler tilskot til sikring og istandsetting av verna fartøy frå budsjettpost 400.650.09 slik:

<i>Fartøy</i>	<i>Søklar</i>	<i>Tildelt</i>
MS Axel	Odd Harald Turøy	100 000
Bjørn-West	Opsangervågen Veteranbåtlag	avslag
PF Dokken	Opsangervågen Veteranbåtlag	35 000
MY Faun	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	50 000
MF Folgefonn I	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	avslag
MS Gamle Nyborg	Fraktefartøyet M/S Gamle Nyborg	100 000
Lessing	Bergen Kommunale Kystkultursenter	50 000
MS Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	100 000
SJ Mathilde	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	120 000
MS Midthordland	Det Midthordlandske Dampskibsselskab AS	150 000
DS Oster	Nordhordland Veteranbåtlag	avslag
RS 4 Feie	Bergen Seilskøyteklubb	200 000
Sjødampsprøyte 1 (Bjørn)	Bergen Brandkorps Historielag	100 000
MK Sjøgutt	Terje Midtun	120 000
DS Stord I	Stiftelsen D/S Stord I	150 000
MS Tysnes	Geir Røssland	150 000
MY Tysso	Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum	40 000
MK Vaarsol	Opsangervågen Kystlag	100 000
MS Vestgar	Øygardsbåtane AS	50 000
MK Vikingen	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	120 000
MS Vulcanus	Vulcanus Taubåtkompani	100 000
		1 835 000

- Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev hovudutval for kultur, idrett og integrering administrasjonen høve til å omfordele midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.

Saksprotokoll i 17.03.2020 - Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vedtak

Samandrag

Saka gjeld fordeling av tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy. Målgruppa er eigarar av fartøy som er freda eller har fått tildelt status som «verna fartøy» av Riksantikvaren. Gjennom såkalla SAVOS-tilskot tildeler Riksantikvaren statlege midlar til kommunar og fylkeskommunar som sjølv gjev midlar til fartøyvern, i tilhøvet éin til éin. I tillegg til dei regionale tilskota på kr 800 000, kjem altså ein tilsvarande sum frå Riksantikvaren. På toppen kjem inntrekte midlar frå fartøy i Hordaland på kr 235 000 som vert omdisponerte, slik at den samla summen til fordeling er kr 1 835 000.

I 2020 må tilskotsordningane for verneflåten i Vestland harmoniserast, då tidspunkt for tildeling av midlar til fartøy i Hordaland og Sogn og Fjordane har vore i utakt. Som ei overgangsordning i 2020 vert istandsetjingsmidlane for 2020 fordelt på verneflåten heimehøyrande i Hordaland, då fartøya i tidlegare Sogn og Fjordane fekk tildelt tilskot to gonger i 2019, med ei samla sum på kr 1 750 000. Fartøya heimehøyrande i Sogn og Fjordane får i tillegg midlar i 2020 frå Vestland fylkeskommune gjennom tilskotsordninga forvaltning og drift av verna fartøy, som vert handsama i eiga sak.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J. Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fartøy utgjer ein viktig del av den norske kulturarven, og Vestland er det fylket med flest freda og verneverdige fartøy i landet. Fartøyvern er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Tilskotsordninga for sikring og istandsetjing av verna fartøy er eit bidrag frå det offentlege for å stø opp under dette arbeidet. Halvparten av midlane er løyvt av fylkeskommunen og resten av Riksantikvaren. Talet og storleiken på søknadene syner stor trong for sikring og istandsetjing av dei verna fartøya.

Generelt

Budsjett 2020	1 600 000
Søknadsfrist for tildeling	1. november 2019
Vedtaks kriteria	«Retningslinjer og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71-79» og «Reglement for økonomistyring i staten»
Informasjon om ordninga	Nettstad og utlysing i trykte media

Tal på søknader	21
Tal på søknader som er tilrådd tilskot	18
Samla søknadssum	6 856 453
Tilrådd til fordeling	1 835 000

Overordna kommentarar til innstillinga

Som kyst- og fjordfylke er Vestland naturleg rik på maritim historie. Å ta vare på eldre fartøy og båtar er ei viktig oppgåve, for å sikre dei flytande kulturminna som kjelder til kunnskap og oppleving. Fartøyvern er ein del av kulturminnevernet der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg stort fagleg og økonomisk ansvar. Vestland har i nasjonal samanheng utvikla ein sterk regional politikk for å stø opp under desse kreftene, og regionale midlar til vern av fartøy har vore prioritert på lik line med andre felt innan kulturminnevernet.

Gjennom såkalla SAVOS-tilskot tildeler Riksantikvaren statlege midlar til kommunar og fylkeskommunar som sjølv gjev midlar til fartøyvern, i tilhøvet éin til éin. I tillegg til dei regionale tilskota på kr 800 000, kjem altså ein tilsvarende sum frå Riksantikvaren. På toppen kjem inntrekte midlar frå fartøy i Hordaland på kr 235 000 som vert omdisponerte, slik at den samla summen til fordeling er kr 1 835 000.

Om lag halvparten av dei freda og verna fartøya i tidlegare Hordaland, har søkt om tilskot for i år, og den samla søknadssummen er nær fire gonger større enn midlane som er til fordeling. Fleire fartøy treng ei totalrestaurering, og kostnadene for desse er ofte fleire gongar høgre enn den samla summen som er til rådvelde i tilskotsordninga. I dei meir omfattande søknadene, er det difor berre rom for å tildele ein avgrensa del av den omsøkte summen, eventuelt midlar til å sikre fartøyet medan det ventar på at tilhøva ligg til rette for å starte opp ei større istandsetjing. Generelt vert det prioritert å føre vidare pågåande prosjekt. Godt dokumenterte søknader og høg eigeninnsats er andre tilhøve som tel positivt, likeins at fartøya er tilgjengelege for ålmenta. På bakgrunn av desse kriteria er fylgjande fartøy prioritert høgast i 2020: RS4 Feie, MS Midthordland, DS Stord I og MS Tysnes.

I tillegg til den fylkeskommunale tilskotsordninga fordeler både Riksantikvaren og Kulturminnefondet statlege midlar direkte til istandsetjing av fartøy.

Nokre særlege omsyn gjer seg gjeldande i fartøyvernet. Ved utbetring og vedlikehald er verftstilgang eit knappheitsgode, både i høve tid for slippsetting, arbeidskapasitet og kompetanse. Det vert då særleg viktig å leggje til rette for at arbeidet kan gjerast når det er naudsynt, praktisk mogeleg og verfta har ledig kapasitet. Difor kan det unntaksvis forsvarast å dekke tiltak som er gjennomførte før tilskotshandsaminga. Tilskotsmidlane er òg med å halda ved like viktige, men små kunnskapsmiljø innan tradisjonshandverk.

Harmonisering av tilskotsordningane

I 2020 må tilskotsordningane for verneflåten i Vestland harmoniserast, då tidspunkt for tildeling av midlar til fartøy i Hordaland og Sogn og Fjordane har vore i utakt. Som ei overgangsordning i 2020 vert istandsetjingsmidlane for 2020 fordelt på verneflåten heimehøyrande i Hordaland, då fartøya i

tidlegare Sogn og Fjordane fekk tildelt tilskot to gonger i 2019, med ei samla sum på kr 1 750 000. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok fylgjande fordeling av tilskot til verneflåten i 2019:

<i>Fartøy</i>	<i>Tildeling mai 2019 (HNK sak 48/19)</i>	<i>Tildeling desember 2019 (FT sak 49/19)</i>
SS Svanhild LIPQ	150 000	150 000
MS Atløy LNFD	100 000	150 000
MS Haugefisk LGNG	200 000	150 000
DS Stavenes LEMA	100 000	150 000
MF Hardingen SR LGED	150 000	
MS Nybakk JXPH	50 000	250 000
Gamle Solundir LEVG		50 000
Stangfjord LDYJ		100 000
Samla tildeling 2019	750 000	1 000 000

Fartøya heimehøyrande i Sogn og Fjordane får i tillegg midlar i 2020 frå Vestland fylkeskommune gjennom tilskotsordninga forvaltning og drift av verna fartøy, som vert handsama i eiga sak.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Det er stadfesta at Riksantikvaren tildeler midlar over SAVOS-ordninga.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for t.d. klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa, og det er brei interesse og stor oppslutning rundt mange av fartøya.

Regional planstrategi: Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR og *Kultur for alle* Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane, 2019-2027.

Konklusjon

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering fordeler tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy frå budsjettpost 400.650.09 slik:

Fartøy	Søklar	Tildelt
MS Axel	Odd Harald Turøy	100 000
Bjørn-West	Opsangervågen Veteranbåtlag	avslag
PF Dokken	Opsangervågen Veteranbåtlag	35 000
MY Faun	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	50 000
MF Folgefonn I	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	avslag
MS Gamle Nyborg	Fraktefartøyet M/S Gamle Nyborg	100 000
Lessing	Bergen Kommunale Kystkultursenter	50 000
MS Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	100 000
SJ Mathilde	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	120 000
MS Midthordland	Det Midthordlandske Dampskibsselskab AS	150 000
DS Oster	Nordhordland Veteranbåtlag	avslag
RS 4 Feie	Bergen Seilskøyteklubb	200 000
Sjødampsprøyte 1 (Bjørn)	Bergen Brandkorps Historielag	100 000
MK Sjøgutt	Terje Midtun	120 000
DS Stord I	Stiftelsen D/S Stord I	150 000
MS Tysnes	Geir Røssland	150 000
MY Tysso	Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum	40 000

MK Vaarsol	Opsangervågen Kystlag	100 000
MS Vestgar	Øygardsbåtane AS	50 000
MK Vikingen	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	120 000
MS Vulcanus	Vulcanus Taubåtkompani	100 000
		1 835 000

2.

Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev hovudutval for kultur, idrett og integrering administrasjonen høve til å omfordele midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.

	Fartøy	Søklar	Tot.kost	Søkn.sum	Tildelt	Omsøkt tiltak	Vurdering
1	MS Axel	Odd Harald Turøy	1 801 900	771 900	100 000	Det vert søkt om å vidareføre stålarbeidet akter på fartøyet. Tiltaket inkluderer hudplater, spant, bunnstokkar og rorkiste.	MS Axel søker om midlar til slutføring av stålarbeid på skrog. Arbeida skal utførast ved Dåfjorden Slipp AS. Søklar leverer budsjett med godt dokumenterte utgifter. Eigar har søkt offentlege og private midlar, og syner til ein god eigendel. Midlar tildelt i 2019 (150 000) er søkt overført til 2020 og inngår som del av finansieringa av prosjektet.
2	Bjørn-West	Opsangervågen Veteranbåtlag	1 252 100	1 252 100	avslag	Det vert søkt om stønad for å unngå ytterlegare forfall. Søknaden nemner vassblåsing og måling av heile båten, samt utskifting av ein god del stål. På litt lengre sikt nemner søknaden oppgradering av el.anlegget, og fjerning av diverse utstyr som var knytt til ferjeperioden.	Bjørn West er einaste marineskip bygd før 1900 som er bevart, og er såleis eit viktig verneobjekt. Veteranbåtlaget har ei rekkje fartøy og store oppgåver på få hender. Istandsetjing av fartøyet er ei omfattande oppgåve. Søklar har ei ubrukt løyving på kr 120 000 frå 2019. Vi tilrår ikkje stønad til prosjektet i 2020.
3	PF Dokken	Opsangervågen Veteranbåtlag	780 000	750 000	35 000	Søknaden skildrar eit fartøy som treng omfattande istandsetting og dels tilbakeføring til original utforming både av skrog og motorarrangement.	Dokken er den siste att av ferjene som trafikkerte Puddefjorden, fram til brua kom. Heile søknadssummen let seg ikkje innfri i denne stønadsordninga, men det vert løyvd midlar til sikring av fartøyet. Saman med restløyving på 35 000 frå 2019, kan årets tilskot nyttast til flytting, oppstøtting og bygging av vernetak. Det vert sett som vilkår for utbetaling at vernestatus vert godkjend.
4	MY Faun	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	305 810	200 000	50 000	Det er søkt om stønad til slippsetting og undervassarbeider, brannsikring av maskinrom, eliminering av krypstraum, motoralarm og vasstandsalarm.	Søklar ber om stønad til arbeid på MY Faun, som krev profesjonell utføring. I tillegg til årleg vedlikehald, er det trong for ulike sikringstiltak. Tiltaka er små, men viktige for sikker drift og bruk av fartøyet. Arbeidet er tufta på stor eigeninnsats frå venelaget, som ikkje kjem tydeleg fram i budsjettet. Vi tilrår stønad til fartøyet.
5	MF Folgefonn I	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	9 888 105	150 000	avslag	Omfattande søknad som syner utgifter på rundt 10 millionar. Søknaden beskriv stålarbeid, overhaling av	Bilferga MF Folgefonn er eit av dei fem freda fartøya i Vestland. Fartøyet er no under istandsetjing ved Bredalsholmen Dokk og fartøyvernseier, der stålarbeidet på skroget skal gjerast. Dette er eit

						maskin / maskinrom og trearbeid.	omfattande prosjekt og reiar har søkt Riksantikvaren om tilskot tilsvarende total kostnad. Søknaden gjer ikkje greie for kva tiltak det her vert søkt stønad til. Vi tilrår ikkje støtte.
6	MS Gamle Nyborg	Fraktestartøyet M/S Gamle Nyborg	389 000	361 000	100 000	Søknaden skildrar trong for å skifte botnventilane (5 stk.) samt skifte ut stål rundt desse. Dette kjem etter at ein i 2017 skifta ut om lag 30m ² med stålplater. Søknaden nemner og om lag 20 doblingar i skroget for å sikre fartøyet.	Gamle Nyborg er i drift i sommarsesongen, og leverer ein godt dokumentert søknad om tilskot til utbetringar. Fartøyeigar har søkt Riksantikvaren om tilskot til skifte av hudplater, og søker om stønad til naudsynt skifte av botnventilar. Arbeidet er tenkt utført på Dåfjorden Slipp AS, som også står for tilstandsvurderinga. Vi finn ikkje å kunna tildela heile den omsøkte summen, men tilrår at MS Gamle Nyborg får stønad til deler av arbeidet.
7	Lessing	Bergen Kommunale Kystkultursenter	185 000	100 000	50 000	Søknaden beskriv bekymring for fleire område i fartøyet. Kjølevassinntaket må truleg bytast, El. anlegget er gammalt og dels brannfarleg, stempel i hovudmotor- og hjelpemotoren må overhalast. På sikt må og det og påreknast utskifting av stålplater i skroget.	Slepebåten Lessing treng fleire akutte utbetringar, men prosjektet som er søkt midlar til, er overkomeleg. Søkjar leverer ein grei finansieringsplan og synleggjer mykje eigeninnsats. Det vert sett som vilkår for utbetaling at vernestatus vert formelt godkjend.
8	MS Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	310 000	150 000	100 000	Det er søkt om støtte i samband med pålegg frå Sjøfartsdirektoratet om full overhaling og sertifikatfornyng av hovudmaskin og hjelpemotor i september 2020	MS Lindenes har fått pålegg frå Sjøfartsdirektoratet om full overhaling av motorane for å behalda sertifikatet. Omsøkte tiltak er slik naudsynt for at fartøyet framleis skal vera i kommersiell drift. Arbeidet er tenkt utført ved Dåfjorden Slipp/ Norsk Veteranmotor AS, medan overflatebehandling blir gjennomført av Veteranbåtlaget. Godt grunngeve søknad, og midlar søkt også frå Riksantikvaren.
9	SJ Mathilde	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	3 273 134	484 540	120 000	Søknaden skildrar behov for utbetring av forskip som fylgje av rote-sopp. Søkjar ynskjer å få gjort utbetringar også på rigg og på akterspegel medan båten er nedrigga og på slipp.	SJ Mathilde har aukande trong for vedlikehald då det er 30 år sidan fartøyet vart restaurert. Det er sendt søknad til RA for nærare 2,8 mill. Tilskotet inngår som delfinansiering, der Hardanger fartøyvernssenter sjølv prioriterer korleis midlane best kan nyttast.

10	MS Midthordland	Det Midthordlandske Dampskibsselskab AS	2 030 000	650 000	150 000	Søknaden skildrar utskifting av stålplater i skutebunn etter pålegg fra sjøfartsdirektoratet. Oppdraget er planlagt utført ved Dáfjorden slipp.	MS Midthordland har søkt stønad til tiltaket fleire gonger. Sjøfartsdirektoratet pålegg no utbetring, og finansiering av tiltaket er slik ein føresetnad for at fartøyet kan gjennomføra seglingsseasonen. Midthordland har stor formidlingskapasitet, og landligge er ikkje ideelt. Rammene for tilskotsordninga gjev ikkje moglegheit for å løyva meir enn ein del av omsøkt beløp. Eigar har fått overført tildelte midlar frå 2018 og 2019 (150 000 totalt), og saman med tildelinga i 2020 utgjer dette eit monaleg tilskot til utbetringa.
11	DS Oster	Nordhordland Veteranbåtlag	134 000	60 000	avslag	Søknaden skildrar skrog- og rekkereparasjonar, samt slippsetting for sikring av skrog som inkludere skifting av anodar og bunnsføring.	DS Oster syner til ein stor dugnadskapasitet, og har høg formidlingsaktivitet. Tiltaket peikar på behov for ulike reparasjonar og slippsetjing i samband med desse. Budsjettet synleggjer ein god eigendel, og det er søkt midlar også privat. Tilskotet for 2019 (50 000) står ubrukt og me tilrår ikkje stønad i år.
12	RS 4 Feie	Bergen Seilskøyteklubb	1 375 250	300 000	200 000	Bergen Seilskøyteklubb søker om støtte til å restaurere RS 4 Feie, der omfanget av arbeidet inkluderer skrog, dekk og rigg. Restaureringsarbeidet er planlagt utført i samarbeid med Hardanger fartøyvernssenter.	Redningsskøyta Feie er eit godt organisert prosjekt med stort potensial for formidling og lokalt engasjement. Det planlagde arbeidet er av overkomeleg storleik, og etter reiarlaget sin framdriftsplan, skal arbeidet i hovudsak utførast i løpet av 2020. Prosjektet har fleire eksterne bidragsytarar, og god eigendel. Mykje av arbeidet vert gjort på dugnad i tett samarbeid med Hardanger fartøyvernssenter.
13	Sjødampsprøyte 1 (Bjørn)	Bergen Brandkorps Historielag	200 000	185 000	100 000	Søknaden skildrar tiltak for tilbakeføring av fartøyet til Sjødampsprøyte 1 (BX1) slik den var i tidsrommet mellom 1938 og 1956. Ein ber om stønad til kjøp av dampmaskin, damppumpe og fraktkostnader knytt til dette.	Søklar, Bergen Brandkorps Historielag, er godt organisert og har vid kompetanse. Prosjektet med å tilbakeføra fartøyet til Sjødampsprøyte, er tufta på stor eigeninnsats, som ikkje kjem fram av budsjettet. Fartøyet er verna mellom anna på grunn av geografisk tilhøyre og representativitet, og vi tilrår stønad til kjøp av dampmaskin.
14	MK Sjøgutt	Terje Midtun	234 000	195 000	120 000	Det er søkt om støtte til overhaling/istandsetting av	MK Sjøgutt søker midlar til utgifter knytt til ei naudsynt motoroverhaling. Søklar har

						motoren, som må takast ut av fartøyet. I den samanheng må ein ta av styrehuset og remontere det etter at motoren er på plass att.	alt fått tilsagn på midlar til motoroverhalinga frå Kulturminnefondet. Budsjettet er utarbeidd av Hardanger fartøyvernssenter, og synleggjer ein vesentleg eigendel. Motoren skal overhalast ved Norsk Veteranmotor AS på Bømlo.
15	DS Stord I	Stiftelsen D/S Stord I	400 000	200 000	150 000	Det er søkt om stønad til utgifter knytt til 5-års klassing av fartøyet. Sjøfartsdirektoratet står for kontrollen, og søknaden omhandlar kostnader for dokkleige, vedlikehaldsutgifter og eventuelle reparasjonar.	DS Stord har stor utoverretta verksemd og klassing er naudsynt for å få fartøyet sjøklart til sesongen. Tiltaket fell innafør føremålet med tilskotsordninga, som er å sikre og setje i stand fartøy i Vestland for vidare bruk. Vi tilrår difor stønad til utgifter knytt til 5-års klassing.
16	MS Tysnes	Geir Røssland	784 000	200 000	150 000	Det er søkt om stønad til legging av tredekket akter, etter at reparasjon av akterskipet (skrog, salonghus og båtdekk) på det næraste er ferdig.	MS Tysnes har hatt ein omfattande reparasjon på akterskip, og søker no om midlar til legging av dekk. Reiareren søker om ein nøktern del av totalkostnaden, og kan syna til stor eigendel. Fartøyet har ikkje fått tilskot sidan 2017. Omsøkte tiltak er i tråd med føremålet for tilskotsordninga.
17	MY Tyso	Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum	133 040	40 000	40 000	Det er søkt om støtte til det årvisse vedlikehaldet samt sertifisering av redningsflåten. Søknaden beskriv òg nødvendige reparasjonar av lyskastar, skyvedører og nødstyringa. Ein har også nyleg oppdaga ein lekkasje på fartøyet.	MY Tyso søker om stønad til tiltak som går på tryggleik og sertifisering, der fartøyet må på verkstad/verft for utbetring. Lekkasje må vurderast av fagperson, slik at det kan utarbeidast plan for tiltak. Fartøyet har elles eit årleg vedlikehald som er krevjande dersom den skal vere representativ.
18	MK Vaarsol	Opsangervågen Kystlag	516 913	306 913	100 000	Båten er funksjonsdyktig, men dekk, skandekk og karmar er nokså dårleg. Det er anbefalt at båten i fyrste omgang vert reparert slik at den kan nyttast i påvente av en totalrestaurering.	MK Vårsol ligg på verkstad og får utført nødvendige utskiftingar av lukekarm og deler av dekket. Tilstandsrapporten frå 2016 anbefalte full utskifting av dekket noko som er økonomisk krevjande. Tilskotet for 2019 (40 000) er ikkje brukt, men er synleggjort som finansiering i budsjettet.
19	MS Vestgar	Øygardsbåtane AS	208 410	50 000	50 000	Det er beskrive lekkasjar og roteskadar i båtdekket akter, og det er midlertidig tenkt sikra ved å legge	Sjøbussen MS Vestgar har ikkje fått istandsetjingstilskot siste to åra. No søker reiarlaget om tilskot til midlertidig sikring av ein lekkasje i dekket. Søknaden

						aluminiumsplater over. Lekkasje kan føre til skadar innvendig m.a. på elektronisk utstyr.	synleggjer ein stor eigendel i prosjektet. Arbeidet er planlagt utført ved Dåfjorden Slipp AS.
20	MK Vikingen	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	595 980	200 000	120 000	Søklar om stønad til reparasjon av rigg, samt generelt vedlikehald på motor og fartøy.	MK Vikingen står framfor ein større reparasjon av riggen og dette representerer hovuddelen i søknaden. Her er kompetanse-elementet er framheva og tiltaket kan dels gjennomførast som kurs for andre fartøyeigarar. Tilskotet kan berre inngå som delfinansiering, der Hardanger fartøyvernsenter sjølv prioriterer korleis midlane best kan nyttast.
21	MS Vulcanus	Vulcanus Taubåtkompani	361 604	250 000	100 000	Søknaden omhandlar utgifter knytt til hovudklassing, mellom anna dokksetting og kontroll av skrog-gjennomføringar. Taljer på kranbane i maskinrom er pålagt full styrkeberekning og dels utskifting, samt overhaling av eine hjelpemotoren.	Klassing medfører dokksetting som i seg sjølv representerer ein stor kostnad. Dei andre momenta som er nemnt i søknaden, som testing og eller utskifting av taljer på travers og overhaling av hjelpemotor, er òg kostnadskrevjande. Vi tilrår tilskot til hovudklassing og arbeid i maskinrom.

Saknr: 2020/39386-3
Kari Skibenes, Anja
Saksbehandlar: Angelskår Mjelde, Ingrid
Dræge

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	33/20	17.03.2020
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	45/20	03.04.2020

Digitale ressursar i folkebiblioteka

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering vil styrkje fylkeskommunen si utviklar- og koordineringsrolle i høve å sikre innbyggjarane tilgjenge til digitalt innhald i biblioteka.
2. Arbeidet for å organisere biblioteka i Vestland fylke i konsortium for utlån av digitale ressursar med ei felles teknisk løysing, og ei felles samling, skal halde fram innanfor gjeldande budsjett for 2020.
3. Hovudutval for kultur, idrett og inkludering meiner at det bør vere eit mål at fylkeskommunen skal bidra med 1/3 av det totale budsjettet til innkjøpskonsortiet for digitale ressursar.
4. Hovedutval for kultur, idrett og integrering understrekar behovet for nasjonale avtalar når det gjeld e-bøker og e-lydbøker og meiner at prismodellen for e-bøker bør leggest til grunn for utlån av e-lydbøker.

Saksprotokoll i 17.03.2020 - Hovudutval for kultur, idrett og integrering Vedtak

Samandrag

Innbyggjarane etterspør i stadig sterkare grad digitale tenester, også frå biblioteka. Digitalt utlån er ein aukande del av folkebiblioteka sitt totale utlån. Kostnadane med det digitale utlånet har auka med nye medium og nye prismodellar. Stigande etterspurnad fører også med seg høgare kostnadar.

Fylkeskommunen støtter kommunane sitt tilbod til innbyggjarane på bibliotekfeltet ved å koordinere fellestenester og delfinansiere innkjøp av digitalt innhald til ei felles samling. I saka vert det argumentert for at fylkeskommunen skal halde fram med å koordinere arbeidet og bidra økonomisk til at innkjøpskonsortiet kan ha ei god digital samling. Dette har ein utjamnande funksjon for at alle kommunane skal kunne gi det same tilbodet til innbyggjarane sine.

fylkesdirektør

seksjonsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ulike prosessar i samfunnet vert meir og meir digitale. Mange aktørar tilbyr digitale ressursar til kommunikasjon og informasjon i skule, arbeidsliv, fritid, leik og daglege utfordringar. Biblioteka kan spele ei viktig rolle i å utjamne skilnader og tilby hjelp for å gje innbyggjarane tilgang til aktuelle og relevante ressursar. Ved å gje tilgang til, og opplæring i bruk av, e-bøker, kan biblioteka utjamne skilje i kunnskap og kompetanse, t.d. grunna alder, sosiale skilnader eller tilgang til digital teknologi.

Biblioteka i Vestland har i fleire år bydd sine lånarar på digitale ressursar, gjennom ordningar organiserte av fylkeskommunane.

Bibliotektilsette skal møte brukarane der dei er, og stadig fleire brukar meir tid på digitale plattformer. Biblioteka skal i tilboda til barn og vaksne legge vekt på kvalitet, allsidigheit og aktualitet og har ei viktig samfunnsmessig rolle i å fremje lesedugleik i befolkninga.

Innbyggjarane nyttar i aukande grad dei digitale tilboda frå biblioteka og utlån av e-bøker og e-lydbøker via app er rygggrad i det digitale tilbodet. Den digitale delen av totalutlånet i folkebiblioteka i Vestland har auka frå 1,4 % i 2014 til 4,2 % i 2018. I tillegg tilbyr biblioteka digital tilgang til ca. 7000 aviser og tidsskrift frå heile verda.

E-bøker

Hordaland begynte med utlån av e-bøker i 2013, og Sogn og Fjordane starta opp tidleg i 2014.

Hordaland sitt tilbod var heimla i vedtak i Fylkesutvalet 24. april 2013: (sak 120/13):

1. Fylkeskommunen bør ta på seg ei utviklar- og koordineringsrolle for å sikre innbyggjarane i Hordaland tilgang til e-bøker i biblioteka, uavhengig av kommunestorleik og ressurstilgang.
2. Fylkeskommunen skal innanfor gjeldande budsjettrammer arbeide for å organisere bibliotek i fylket i konsortium med ei felles teknisk løysing, og ei felles samling av e-bøker.
3. Fylkesutvalet vil understreke behovet for nasjonale avtaler når det gjeld e-bøker. Bøker, både papir og e-bøker bør likestillast og vera fritekne frå moms.

I Sogn og Fjordane vart Hovudutval for kultur orientert om planar for å opprette felles e-bokordning i fylket i notat til møte 26.11.13.

Begge fylkeskommunane har lagt til grunn prinsippet om at alle bibliotek i fylka bør tilby e-bøker. Målet er å gje innbyggjarane lik tilgang til medium i biblioteket, uavhengig av kva form innhaldet har, eller i kva kommune ein bur.

Begge fylka har etablerte konsortium for innkjøp av innhald og felles teknisk system for utlån av e-bøker. Dermed har lånarane hatt tilgang på ei stor, felles samling uansett i kva kommune dei bur.

Bergen kommune har ikkje vore ein del av innkjøpskonsortiet for e-bøker, men har hatt eit eige tilbod til brukararar av dei kommunale biblioteka.

E-lydbøker

Lydbøker er eit svært etterspurd medium i biblioteka. Biblioteka vil veldig gjerne låne ut lydbøker, men stadig færre titlar vert gitt ut på fysiske berarar, som CD eller digibok. Alternativet er e-lydbøker.

Dei store forlaga var lenge uvillige til å selje e-lydbøker til bibliotek. I juni 2019 la Nasjonalbiblioteket fram ein kjøps- og utlånsmodell for e-lydbøker i bibliotek etter samtalar med Forleggerforeningen. Etter dette har utvalet av e-lydbøker biblioteka kan kjøpe auka, men kostnaden er urimeleg høg.

I gjennomsnitt kostar kvart utlån av ei ny e-lydbok opp mot fem gongar så mykje som utlån av lydbøker på fysiske berarar. Difor er utvalet til lånarane er framleis svært lite.

Prismodellar

Biblioteka vert fakturert for e-bokutlån når 10 % av boka er opna, medan lån av e-lydbøker vert fakturert med ein gong dei er lasta ned. Dette gjer kostnaden ved lydbokutlån vesentleg høgare ettersom konsortiet må betale før lånaren kan vurdere om hen vil høyre boka.

Kulturfondbøker

Norsk kulturråd administrerer fem innkjøpsordningar for litteratur. Formålet med ordningane er å styrke norsk språk og litteratur ved å legge til rette for breidde, mangfald og kvalitet i litteratur på norsk, og god tilgjenge for alle ved at innkjøpte titlar vert gitt til biblioteka.

Nokre utvalde titlar vert også kjøpt inn som e-bøker som vert fordelt mellom innkjøpskonsortia. Før fylkessamanslåinga fekk Sogn og Fjordane 3 utlånslisensar til norske e-bøker og 1 til omsett litteratur, medan Hordaland (utan Bergen) fekk respektive 3 og 2 lisensar. Etter fylkessamanslåinga får Vestland (utan Bergen) 5 utlånslisensar til norske e-bøker og 2 til omsett litteratur. Vestland kjem altså dårlegare ut etter samanslåinga, og det er behov for auka budsjett til innkjøp av digitale medium.

Digitale aviser og tidsskrift

Flyktningstraumen i 2015 var bakteppet for at fylka teikna abonnement på digitale aviser og tidsskrift gjennom tenesta «PressReader» frå 2016, og innlemma det i det digitale konsortiet.

Folkebiblioteket er ein integreringsarena og det er ei utfordring for dei einskilde kommunane å kunne tilby flyktningar og innvandrarak tilgang til informasjon på eit språk dei meistrar. Det er eit verdifullt tilskot å kunne tilby dei nye innbyggjarane vel 7 000 aviser og tidsskrift på meir enn 60 ulike språk. Det finst òg mange norske publikasjonar i tenesta.

Tenesta er aktuell for alle, og stadig meir i bruk, sjølv om vi ikkje lenger har nokon flyktningstraum.

Kostnad

Innkjøp av utlånssystem for e-bøker vart dekt av fylkeskommunane. Årlege driftsutgifter for utlånsløysinga er delte mellom kommunane og dei vidaregåande skulane som har dette tilbodet. Rekneskap for 2019 kjem fram av tabellen under.

Kommunane betalte 3 % av mediebudsjetta sine til ein felles pott til innkjøp til e-boksamlinga i fylka. I Hordaland dekte fylkeskommunen 32% av kostnaden i 2019. I Sogn og Fjordane dekte fylkeskommunen 8%.

Rekneskap innkjøp av e-ressursar 2019				
	Kommunane	Fylkeskommune n	Totalt	% fylket
Hordaland	342 360	157 527	499 887	32
Sogn og Fjordane	201 093	17 841	218 934	8
	543 453	175 368	718 821	24

I Sogn og Fjordane omfattar konsortiet alle kommunar og 4 vidaregåande skular. I Hordaland omfattar det alle kommunane utanom Bergen og alle vidaregåande skular.

Frå 2020 er dei kommunale tilskota til det digitale innkjøpskonsortiet auka til 5 % av mediebudsjetta. Det er rom til å nytte kr 50 000 på budsjettet til Seksjon for bibliotekutvikling til føremålet.

Fylkeskommunen si rolle

Å drive folkebibliotek er ei lovpålagt oppgåve i kommunane og fylkeskommunen bidrar ikkje med midlar til drift. Fylkeskommunen har ei viktig rolle med å koordinere fellestenester som skal ut til alle innbyggjarane, og utjamne skilnader mellom små og store, rike og fattige kommunar. Sidan etterspurnaden etter digitale tenester er relativt liten, vert det for kostnadskrevjande å gje brukarane sine eit godt tilbod i små kommunar. Samstundes er nytten som ligg i digital tilgang større for dei som bur på mindre plassar og som gjerne har bibliotek med dårlege opningstider. Organisering i konsortium, på tvers av bibliotektypar og kommunar, skal sikre innbyggjarane lik tilgang til oppdaterte digitale ressursar for litteratur, kunnskap og kultur.

Vestland fylkeskommune skal framleis organisere konsortiet og den felles samlinga av digitale ressursar i fylket, men kommunane vil få eit mindre bidrag til innkjøp i 2020 enn tidlegare. Mange

kommunale bibliotekbudsjett har fått kraftige nedskjeringar, slik at ei auke i bidraget til konsortiet frå 3 - 5% ikkje vil kompensere for auka etterspurnad og auka kostnader i samband med utlån av e-lydbøker. Det er ønskjeleg at fylkeskommunen skal kunne auke sitt bidrag i 2021.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vestland fylkeskommune skal nytte kr 50 000 innanfor ramma til Seksjon for bibliotekutvikling til felles digital samling for alle kommunane og dei vidaregåande skulane i 2020.

Klima: Utlån av digitalt innhald har ein positiv klimaeffekt ettersom det minkar behovet for transport.

Folkehelse: Tilgang til bibliotek er ein del av det ålmenne folkehelsearbeidet

Regional planstrategi: Tiltaket følgjer opp satsingar i Regionale kulturplan i Hordaland 2015-2025 og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 - 2027.

Konklusjon

Innbyggjarane etterspør i stadig sterkare grad digitale tenester, også frå biblioteka, og digitalt utlån er ein aukande del av folkebiblioteka sitt totale utlån.

Kostnadane med det digitale utlånet har auka med nye medium og nye prismodellar. Stigande etterspurnad fører også med seg høgare kostnader. Vestlandskonsortiet får færre utlånslisensar til kulturfondbøker etter samanslåinga.

Fylkesdirektøren meiner at Vestland fylkeskommune bør halde fram med å koordinere arbeidet og bidra økonomisk til at innkjøpskonsortiet kan ha ei god digital samling. Alle kommunar bør kunne gi det same tilbodet til innbyggjarane sine. Ambisjonen bør vere at fylkeskommunen bidrar med 1/3 av det totale budsjettet til innkjøpskonsortiet for digitale ressursar.

Saknr: 2020/896-2
Saksbehandlar: Dianne Kilvær

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	46/20	03.04.2020

Revidert møteplan 2020

Forslag til vedtak

1. Alle møter i hovudutvalet vert halde som fjernmøte fram til sommaren, i tråd med avgjerd teke av fylkesordførar og fylkesrådmann.
2. Datoar i møteplanen endrast ikkje.
3. Møteplan vert teke opp til revisjon på siste møte før sommaren.
4. Skal utvalsleiar kalle inn til ekstraordinære møter, skal utvalet informerast om dette i forkant så langt det er praktisk mogleg. Utvalsmedlemmane skal i dei tilfella få høve til å komme med innspel før avgjerd om ekstraordinært møte takast.
5. Møtestadar vert endra slik dei kjem fram av revidert møteplan.

Stian Jean Opedal Davies
utvalsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

HOVUDUTVAL FOR KULTUR, IDRETT OG INTEGRERING. MØTEPLAN 2020 (vedteken av fylkestinget 15.10.2019)

Versjon: 04.12.19/09.12.19/18.12.19/08.01.2020/10.01.2020

VÅR 2020

Dato	Møtestad	Presentasjonar
21.01.20	Bergen	Tema: Det profesjonelle kunst- og kulturfeltet. Orientering fra adm Invitere Bergen kommune (byråd kultur)
13.02.20	Bergen (Saman med dei andre utvala) <i>T.O: Fylkesutval og planutval 14.02.</i>	Tema: Idrettspolitik. Orientering fra adm. Invitere Vestland idrettskrets +
17.03.20	Voss (mulig Bavallen)	Tema: Kultur og idrett i kommunane. Invitere Voss herad (ordførar)
21-22.04.20	Bergen (Grieghallen eller det Vestnorske teateret) Merk: To dagar.	Tema: Storbyregionen Bergen Besøk hos kultur, idretts og inkluderingsaktørar. Invitere Bergen kommune (byråd idrett)
19.05.20	Florø	Tema: Friluftsliv Invitere: Kinn kommune, Fjordane friluftsråd
04.06.20	Flåm	Tema: Kulturminnevern. Orientering frå adm Invitere frivilleg sektor

HAUST 2020

Dato	Møtestad	Presentasjonar
16.09.20	Skei (Saman med dei andre utvala) <i>T.O: Møtar i andre fylkeskommunale organ 15.09 og 17.09</i>	Tema: Arkiv Invitere Nye Sogndal kommune
14-15.10.20	Førde, Sunnfjord Merk: To dagar.	Tema: Frivilligheit og kulturinstitusjonane Invitere: Nye Sunnfjord kommune (ordførar) Frivillighet Norge, Opera Nordfjord, SF Teater, Førdefestivalen, Musea i Sogn og Fjordane
04.11.20	Bergen Åsane vgs og kulturhus?	Tema: Bibliotek (kommunar og VGS) Invitere: Samarbeidspartar iht bibliotek og arenavutvikling
25.11.20	Øygarden 24-26.11 Saman med dei andre utvala	Tema: Budsjett. Orientering frå adm